



STORD  
KOMMUNE



# Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2017–2020

– saman for utvikling og velferd

<b>1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak .....</b>	<b>3</b>	5.3.6 Barnevern.....	37	7.7 Spesifikasjon investering (2017 kroner).....	89
<b>2. Innleiing og samandrag.....</b>	<b>5</b>	5.4 Komité for næring, miljø og kultur .....	38	7.8 Samla investeringsramme med driftskonsekvensar (1 000 kr) .....	101
2.1 Innleiing og samandrag .....	6	5.4.1 Kulturtenester .....	39	7.9 Spesifikasjon låneportefølje .....	104
2.2 Budsjettprosess .....	9	5.4.2 Idrett og friluftsliv .....	40	7.10 Oversyn over eigedomar som har fått fritak etter § 7 i eigedomsskattelova.....	108
<b>3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader 10</b>		5.4.3 Bibliotek.....	41	<b>8. Framlegg til betalingsattsar for 2017 .....</b>	<b>110</b>
3.1 Overordna analyse .....	11	5.4.4 Brann, redning og feiing .....	42	8.1 Avgifter som er vedtekne av kommunestyret.....	111
3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi.....	11	5.4.5 Beredskap .....	42	8.1.1 Kommunale eigedomsgebyr 2017 .....	111
3.1.2 KOSTRA- og effektivitetsanalyse.....	13	5.4.6 Landbruk, miljø og næring .....	43	8.1.1.1 Årsavgift per bygningsgruppe .....	112
3.2 Økonomiske føresetnader .....	14	5.4.7 Sunnhordland lufthamn AS .....	43	Halv abonnementsavgift for industri o.l. over 200 m <sup>2</sup> :.....	115
3.2.1 Frie inntekter .....	14	5.4.8 Regulering, byggjesak, oppmåling .....	44	8.1.1.2 Årsavgift per bygningsgruppe .....	116
3.2.2 Skjønsmidlar .....	16	5.4.9 Stord kommunale eigedom .....	45	8.1.1.3 Renovasjonsavgifter .....	117
3.2.3 Momskompensasjon .....	16	5.4.10 Stord kommunalteknikk (SKT).....	46	8.1.1.4 Tøming slamavskiljar .....	118
3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar .....	16	5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg .....	48	8.1.2 Gebyrregulativ for Regulering, byggesak og oppmåling .....	119
3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar .....	16	5.5.1 Sosialtenester, NAV .....	51	8.1.2.1 Generelt.....	119
3.2.6 Rente og avdragskompensasjon .....	17	5.5.2 Eining for psykisk helse og rus .....	51	8.1.2.2 Reguleringsgebyr.....	121
3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad .....	17	5.5.3 Habilitering .....	52	8.1.2.3 Gebyrregulativ for bygge- og delesaker .....	123
3.3 Eigedomsskatt.....	18	5.5.4 Institusjonsdrift .....	52	8.1.2.4 Gebyrregulativ for arbeid etter matrikkelova (lova § 32, forskrift § 16) .....	132
3.4 Konsekvensjustert drifts- og investeringsbudsjett 2017–2026.....	18	5.5.5 Aktivitet og rehabilitering .....	52	8.1.2.5 Seksjonering .....	137
<b>4. Målstyring.....</b>	<b>19</b>	5.5.6 Heimebaserte tenester .....	53	8.1.3 Betalingsattsar for feiing og tilsyn.....	138
<b>5. Budsjettområda, drift og investeringar .....</b>	<b>22</b>	5.5.7 Kundetorget .....	53	8.1.4 Gebyr for sakshandsaming, administrasjon, forfall og kontroll og gravearbeid .....	138
5.1 Formannskapet .....	24	5.5.8 Legetenesta .....	54	8.2 Avgifter som er vedtekne av komité for oppvekst og utdanning .....	139
5.1.1 Politisk.....	24	5.5.9 Bustader til funksjonshemma .....	54	8.3 Avgifter som er vedtekne av komité for rehabilitering, helse og omsorg .....	143
5.1.2 Administrasjon, interkommunal innkjøpsordning, fellesutgifter .....	24	5.5.10 Interkommunale akutte døgnseger .....	54	8.3.1 Betalingsattsar for omsorgstenester .....	143
5.1.3 IKT .....	24	<b>6. Finans, avgifter, betalingsattsar.....</b>	<b>55</b>	8.4 Avgifter som er vedtekne av komité for næring, miljø og kultur .....	147
5.1.4 Folkehelse .....	24	6.1 Gebyr og betalingsattsar.....	56	8.4.4 Utleigesattsar for Stord Kulturhus.....	149
5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi.....	26	6.2 Finansinntekter og -utgifter, lånegjeld .....	57	<b>9. Vedlegg .....</b>	<b>152</b>
5.1.6 Kyrkjeleg fellesråd.....	26	<b>7. Tabellar .....</b>	<b>58</b>	9.1. Kontrollutvalet .....	153
5.2 Driftsstyret .....	27	7.1 Budsjettskjema 1A drift .....	59	9.2 Stord Kyrkjelege fellesråd – innspel til driftsbudsjettet ...	157
5.2.1 «Prosjekt arealeffektivisering».....	28	7.2 Hovudoversikt drift .....	63	9.2.2 Innspel til investeringsbudsett for kyrkja 2017–2020 .....	164
5.3 Komité for oppvekst og utdanning.....	29	7.3 Netto ramme, fordelt einingsvis.....	66	9.2.3 Investeringsbudsjett 2017–2020. Stord kyrkjelege fellesråd .....	166
5.3.1 Barnehagar .....	30	7.4.1 Netto ramme formannskap, per ansvar og teneste .....	69		
5.3.2 Skule, SFO .....	32	7.4.2 Netto ramme OOU komité, per ansvar og teneste .....	73		
5.3.3 Vaksenopplæringa.....	34	7.4.3 Netto ramme NMK komité, per ansvar og teneste.....	78		
5.3.4 Kulturskulen.....	35	7.4.4 Netto ramme RHO komité, per ansvar og teneste .....	82		
5.3.5 Førebyggjande tenester .....	36	7.5 Budsjettskjema 2A investering.....	86		
		7.6 Hovudoversikt investering .....	87		



# 1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2017–2020 med desse endringane:

...

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

3.

- a. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2017: Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.
- b. Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 4 ‰ av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygd grunneigedom.
- c. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. tabell 7.10 til budsjettdokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2017.

- d. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.
- e. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.
- f. Botnfrådrag vert for 2017 sett til kr 400 000

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 377 105 000 kr i lån i 2017 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån	kr 30 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 165 750 000
Lån til investering Stord hamnestell	kr 950 000
Andre lån	kr 180 405 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå tabell 7.9) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2017 slik det går fram av eige hefte «Betalingsatsar for Stord kommune» for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingssaker
- Betalingsatsar for feiing og tilsyn
- Avgift for vatn, avlaup og renovasjon

6. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2017 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass	kr 202 630
Store born/full plass	kr 91 654

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarande retningsgjevande satsar frå departementet.

7. Stord kommune vil i 2017 busetta 60 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg.
8. Kommunestyret skal ta stilling til disponering av ekstraordinært vedlikeholdstilskot for 2017 («tiltaksplan»), 13,260 mill. kr., i ei eiga sak.
9. Det vert for 2017 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

Sunnhordland museum	kr 610 000
Friluftsrådet vest	kr 320 000
Stord sogelag	kr 10 000
Sunnhordland kammerorkester	kr 25 000
Falturiltu barnebokfestival	kr 100 000
Gards- og ættesoge	kr 75 000
Arrangementet 100 dagar (underskotsgaranti)	kr 25 000

Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera løyving på kr 250 000 til kulturføremål.

Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2017-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

Hordaland olje og gass, driftstilskot	kr 50 000
Haukelivegen AS, driftstilskot	kr 30 000
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	kr 613 400
Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga	kr 228 100
Medlemskontingent Stord næringsråd	kr 30 000
Atheno AS, Maritim industriinkubator	kr 150 000
Atheno AS, Ungt entreprenørskap	kr 65 000
Kjøp av førstelinetenester for næringsetablering	kr 200 000

Komité for næring, miljø og kultur får i tillegg fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

## 2. Innleiing og samandrag

2.1 Innleiing og samandrag .....	6	2.2 Budsjettprosess .....	9
----------------------------------	---	---------------------------	---



## 2. Innleiing og samandrag

### 2.1 Innleiing og samandrag

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan for åra 2017–2020 tek utgangspunkt i gjeldande økonomiplan, budsjettrevisjon for første tertial og utviklinga elles i 2016. Forslaget byggjer og på regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2017 og kommunestyret sitt vedtak om at eigedomsskatt ikkje skal nyttast til å finansiera driftsbudsjettet.

Stordsamfunnet har hausten 2016 spesielle utfordringar med arbeidsløyse og permitteringar. Stord er mellom dei kommunane som har den høgaste arbeidsløysa i landet, i skrivande stund nær seks prosent om ein reknar med dei som er på tiltak. Dette får store konsekvensar for einskildpersonar og det slår direkte inn i kommuneøkonomien. Ved utgangen av september kunne Stord kommune notera ein skattevekst på knappe 1,3 prosent. Den gjennomsnittelege skatteveksten for landet var på same tid 8,2 prosent. Statsbudsjettet legg opp til ein gjennomsnitt skattevekst for 2016 på 8,7 prosent. Rådmannen legg til grunn at veksten vert 2 prosent for Stord kommune.

Skatteanslaget for 2017 skal byggja på den faktiske skatteinngangen i 2016. I tillegg skal det ta høgde for lokale forhold. Sjølv om det er venta at aktiviteten på Stord vil ta seg opp i andre halvår 2017, ser ikkje rådmannen at det er grunnlag for ein sterkare vekst enn det som ligg i forslaget til statsbudsjett, som er 2,3 prosent i høve til 2016. Det inneber ei netto mindreinntekt på skatt på 10 mill. kr i høve til regjeringa sitt kommuneopplegg. Veksten i frie inntekter dekkar i utgangspunktet knapt veksten i løn og sosiale kostnader. I tillegg får kommunen som følgje av det høge investeringsnivået auka rente- og avdragsbelastning i 2017 på i underkant av 6 mill. kr. Auka kostnader som følgje av demografiske endringar er rekna til ca. 13 mill. kr, og kommunen skal opna dei nye KAD-sengene i mars, som har ein kostnad på 7,6 mill. i 2017. Pensjonskostnadene er venta å auka med 6,5 mill. i 2017.

Rådmannen legg etter dette fram eit stramt budsjettforslag for 2017. Budsjettforslaget har ei investeringsramme på 433 mill. kr og brutto driftsutgifter på 1,288 mrd. kr. Det vil bli gitt mange og gode tenester til innbyggjarane også i komande år. Men einingsbudsjetta har i liten og ingen grad rom for

volumauke i tenesteytinga, og ein har på fleire område måtta kutta i aktivitetsnivået for å balansera utgiftene mot inntektssida. Forslaget følgjer opp kommunestyret sitt vedtak om at inntektene frå eigedomsskatt skal nyttast til investering og har difor samstundes eit overskot på 38,2 mill. kr, tilsvarande 2,7 prosent. anbefalt driftsresultat er 2 prosent av brutto driftsbudsjett.

Trepartssamarbeidet «Saman om» og effektivisering gjennom bruk av Lean-metodikk vil bli vidareført i 2017. «Stillingsgruppa» blir vidareført med eit innsparingskrav på 2 mill. På bakgrunn av KS sin prognose er det lagt til grunn ein lønsvekst i 2017 på 2,2 prosent. Statsbudsjettet legg opp til 2,7 prosent.

Budsjettforslaget vidarefører delingstala på 30 for ungdomssteget og 28 for barnesteget. Symjeopplæringa er vidareført på nivå som i 2016, og det ligg inne ressursar til opplæring av minoritetsspråklege elevar. Det er ikkje funne rom for å prisjustera elevressursen. Som innaparingstiltak er det framlegg om å sei opp avtalen med MOT og å avvikla ordninga med SLT. Budsjettforslaget følgjer opp vedtaket om at SFO skal vera sjølvfinansierende. Foreldrebetalinga er foreslått auka med 2,5 prosent.

Ny Stord ungdomsskule skal vera ferdig januar 2018. Det er under arbeid ein forstudie for ny Nysæter ungdomsskule og fleirbrukshall. Dette prosjektet ligg inne med 200 mill. kr i 2019–20.

Stord kommune har full barnehagedekning ved at alle som har rett til plass får eit tilbod. Prognosane tilseier at søknaden til barnehagane går ned i 2017. Det er forslag om å la ei avdeling med 9 småbarnsplassar i Skogatufto barnehage stå ledig barnehageåret 2017/2018. Dette vil gje ei innsparing på 0,5 mill. kr. Det er budsjettert med 114,3 mill. kr i overføring til private barnehagar. Dette føreset at det er ein viss ledig kapasitet i dei private barnehagane, noko det er ein viss risiko med.

Justerte prognosar tilseier at det er trong for å utvida kapasiteten i barnehagane først i 2022. Det er lagt inn 57,4 mill. til ny barnehage i Tjødnalio. Kommunen bør vurderer å også overføra kapasiteten i Trodlahaugen barnehage



til den nye barnehagen i Tjødnalio. Det er etter kvart trong for ei større opprusting av Trodlaugan, og ei større barnehage i Tjødnalio vil gje grunnlag for meir rasjonell drift.

Eigenbetalinga i Stord kulturskule er foreslått auka med 2,5 prosent. Og det er foreslått å redusera bemanninga i kulturskulen med eitt årsverk. Plassane i Stord kulturskule er likevel venta å auka med rundt 50 i 2017.

Kapasiteten i barnevernet er auka dei seinare åra, finansiert med statstilskot. Rammene har likevel vore knappe, Bufetat har stramma inn på refusjonsordningar og kommunen sine eigendelar har auka. Budsjettforslaget for barnevernet for 2017 byggjer på kjende vedtak i september 2016. Ein har ikkje funne rom for å styrka budsjetta for helsestasjonar og skulehelsetesta i den grad statsbudsjettet legg opp til.

Driftsbudsjetta innanfor næring, miljø og kultur i er i hovudsak vidareført på dagens nivå. Det er likevel ikkje funne rom for å vidareføra satsinga med kr 400 000 til lag og organisasjonar. Det ligg inne kr 610 000 til Sunnhordland museum og kr 100 000 til revisjon av Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Det er forslag om å nytta 1,5 mill. til flygelgarasje i kulturhuset.

Ein vil følgja opp rehabiliteringsplanen for Vikahaugane og det ligg 13 mill. til rackethallen i 2018. Det endelege omfanget av dette prosjektet skal definerast i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, som er ein stor brukar av hallen. Stord kommune tok attende ansvaret for reinhald 1. oktober 2016. Budsjettforslaget legg opp til at Stord kommune skal reingjera på same nivå som det ISS gjorde.

Kommuneplanen skal rullerast i 2017. Løyvinga til overordna planarbeid er endå i knappaste laget, men er vidareført med kr 600 000. Det er lagt opp til vidareføring av sykkelbyprosjektet.

Driftsnivået innanfor rehabilitering, helse og omsorg er i hovudsak vidareført 2016-nivå. Det er i liten grad reserver for kostnader knytt til mogelege nye brukarar. Arbeidet med nytt dagtilbod på Sæbø gard er kome i gong og er planlagt ferdig hausten 2018. Det er også lagt inn 1 mill. til løa på Sæbø gard.

Driftsnivået på institusjonane er vidareført som i 2016. Eininga har utfordringar med ressurskrevjande brukarar som grunna alder ikkje gjev rett til refusjon frå staten. Nye sjukeheims plassar er planlagt ferdigstilla i 2018, det er lagt opp til å ta i bruk fem nye plassar årleg.

Heimebaserte tenester legg opp til vidare utprøving og innføring av velferdsteknologi, satsing på heimerehabilitering og førebyggjande heimebesøk.

Løyvinga til økonomisk sosialhjelp er vidareført som i 2016. Det er venta at det vert innført aktivitetsplikt for mottakarar av sosialstønad i 2017. Gjennom «Springbrettet» har NAV eit tydelegare arbeidsretta fokus, og set vilkår til aktivitet for stønad. Tiltaket vert vidareført i 2017. Budsjettet legg opp til mottak av 60 flyktningar i 2017, familiesameiningar kjem i tillegg. Som eit innsparingstiltak er det forslag om å avvikla samarbeidet med Kirkens bymisjon.

Fem av dei 16 plassane ved Rehabiliteringssenteret er sett av til rehabiliteringsopphald, dei øvrige fungerer som ordinære sjukeheims plassar. Ordninga med to dobbeltrom vert teken med vidare i 2017. Frisklivs sentralen er viktig i kommunen sitt folkehelsearbeid men er foreslått avvikla som eit innsparingstiltak.

Rammene for Startlån er vidareført med 30 mill. kr. Det er sett av 20,3 mill. for å bygge åtte bustader for funksjonshemma med fellesrom, med mogelegheit for å utvida til 12.

Investeringane i vassforsyning og avlaup er i stor grad tufta på tiltaksprogramma i kommunedelplanane. Det er i tillegg sett av ei ramme for samarbeidsprosjekt med utbyggjarar. Det er ikkje lagt opp til avgiftsauke på VA-området i 2017. Eit stort investeringsvolum gjer likevel at avgiftene vil auka monaleg dei seinare åra i planperioden.

Budsjettet føl opp Hovudplan veg. Det er sett av 4,8 mill. på investeringsbudsjettet. I tillegg er det lagt opp til at ytterlegare 2 mill. vert finansiert over tiltakspakken. Det er lagt inn kr. 1,5 mill. til oppfølging av Kommunedelplan Trafikksikring.

Vedlikehaldsbudsjettet til Stord kommunale eigedom er redusert med 2,5 mill. Dette meiner ein er forsvarleg då det er lagt opp til at Stord kommune får minimum 13,268 mill. kroner i ekstraordinært vedlikehaldstilskot over statsbudsjettet. Budsjettforslaget har disponert deler av tiltakspakken, det er elles lagt opp til at kommunestyret tek stilling til bruk av tiltakspakken i eiga sak. Stord kommunale eigedom har som følgje av at eininga har overteke ansvaret for Vikahaugane sportssenter frå 2017 innført byggvakt på kommunale bygg i helgane.

Driftstilskotet til Kyrkjeleg fellesråd er auka med 2,5 prosent i høve til 2016. Regulering av prosesjonsveg til gravplassen i Frugarden vil bli ferdig i 2017, det ligg inne 3,5 mill. til gjennomføring av prosjektet i 2018. Det ligg årleg inne 1,5 mill. til rehabilitering av kyrkjene.

Rådmannen legg også fram ei skisse til eit ti-års investeringsprogram, til og med 2026. Skissa tek utgangspunkt i budsjettforslaget og vedtekne sektorplanar. Stord kommune står framføre eit stort investeringsprogram. Behova er særleg store innanfor skule og pleie og omsorg. Lånegjelda vil fortsatt auka, og skissa viser at auka kapital- og driftskostnader vil gje utfordringar for driftsbalansen frametter.



## 2.2 Budsjettprosess

### Det er lagt opp til slik handsaming av budsjett og økonomiplan 2017–20:

Prosessene og sjølve budsjettokumentet er lagt opp i samsvar med etablert praksis og kommunen sitt økonomireglement, vedteke i kommunestyret i sak 18/16. Etter dette har kommunestyret slikt ansvar og mynde i budsjettsaker:

1. Kommunestyret skal innan utgangen av året i samsvar med kommune-lova vedta årsbudsjettet for komande kalenderår og ein økonomiplan for dei tre påfølgjande budsjettåra.
2. Kommunestyret vedtek skatteanslag, rammetilskot, statlege overføringer, andre overføringer, netto avsetningar og finansinntekter og –utgifter. Kommunestyret fastset avgifter og prisar på varer og tenester når slik vedtaksrett ligg til kommunestyret etter lov eller føresegner.
3. Kommunestyret vedtek nettoramme drift i samsvar med budsjettskjema 1A, fordelt på formannskapet og komiteane , spesifisert etter ansvar og tenesteområde.
4. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet som hovudregel per investeringsprosjekt i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B.

Rådmannen skal etter same reglement utarbeida eit samla framlegg til økonomiplan og budsjett som grunnlag for kommunestyret si behandling. Budsjettet skal vera realistisk, fullstendig og i balanse. Driftsbudsjettet skal angi netto driftsramme pr. komité og tenesteområde. Rådmannen sitt framlegg skal byggja på vedteken økonomiplan og andre føresetnader vedteke av kommunestyret, og vera konsekvensvurdert i høve endra føresetnader og vilkår. Komiteane skal i sin tur fordela nettorammer drift i vedteke rammebudsjett på dei ulike resultateiningane innanfor sine ansvarsområde.

Aktivitet	Tidspunkt
Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag	20. oktober
Formannskapet legg budsjettet ut til alminneleg ettersyn, jf. kommunelova § 45	9. november
Budsjetthøyringar i komiteane	15.–17. november
Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan	24. november
Komiteane handsamar detaljbudsjett	13.–15. desember

## 3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

3.1 Overordna analyse.....	11	3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar .....	16
3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi .....	11	3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar .....	16
3.1.2 KOSTRA- og effektivitetsanalyse.....	13	3.2.6 Rente og avdragskompensasjon .....	17
3.2 Økonomiske føresetnader.....	14	3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad .....	17
3.2.1 Frie inntekter .....	14	3.3 Eigedomsskatt .....	18
3.2.2 Skjønsmidlar .....	16	3.4 Konsekvensjustert drifts- og investeringsbudsjett 2017–2026.....	18
3.2.3 Momskompensasjon .....	16		

## 3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

### 3.1 Overordna analyse



#### 3.1.1 DEMOGRAFI OG KOMMUNEØKONOMI

Kommunen har ansvar for m.a. barnehagar, grunnskule og pleie- og omsorgstenester. Dette er tenester som i hovudsak er retta mot bestemte aldersgrupper. Utgiftene til kommunen vert difor påverka av samansettinga og utviklinga innanfor desse gruppene og utviklinga i folketal – den såkalla demografiske utviklinga.

Ved årsskiftet 2015–16 var det 18 775 innbyggjarar i Stord kommune. Det var 90 fleire enn året før, og tilsvarande ein vekst på 0,5 prosent. Året før auka folketalet med 260 eller 1,4 prosent. Ifølgje Statistisk sentralbyrå vil folketallet i perioden 2016–25 auka med 1,2 prosent årleg. Kommunen er venta å ha 21 123 innbyggjarar i 2026. Ved utgangen av økonomiplanperioden i 2020 er kommunen venta å ha hatt ein vekst på fem prosent og eit folketal på nær 20 000.

#### STORD KOMMUNE. UTVIKLING I FOLKETAL 2011–2041 FORDELT PÅ ALDERSGRUPPER. KJELDE:SSB

	2011	2016	2021	2026	2031	2036	2041
Barnehage (0,5 år)	1 473	1 495	1 576	1 662	1 646	1 630	1 637
Grunnskule (6–15 år)	2 565	2 516	2 632	2 787	2 944	3 044	3 043
Vidaregåande (16–19 år)	1 127	1 116	981	1 042	1 104	1 178	1 250
Vaksen (20–66 år)	10 605	11 212	11 857	12 307	12 789	13 081	13 407
Eldre (67 år og eldre)	2 034	2 436	2 899	3 325	3 752	4 230	4 825
<b>Total</b>	<b>17 804</b>	<b>18 775</b>	<b>19 945</b>	<b>21 123</b>	<b>22 235</b>	<b>23 253</b>	<b>24 162</b>





Innvandring utgjør ein vesentleg del av befolkningsutviklinga. Stord hadde i 2015 ei netto innvandring på 89 personar. Den største nasjonaliteten utanom nordmenn i Stord kommune er Polen med 425 innbyggjarar, etter det kjem Litauen (112 innbyggjarar). Fødselsoverskotet i 2015 var 98. Storabuen vart litt eldre i 2015, gjennomsnittalderen auka frå 37,9 til 38,1 år, men Stord er fortsatt ein «ung» kommune. Det er også ein tendens at delen hushald med låg inntekt er aukande.

Kommunen er venta å få vekst i dei yngste aldersgruppene dei neste åra. Den største veksten kjem likevel blant eldre innbyggjarar; aldersgruppa 67–79 år vil auka heller kraftig dei neste åra. For aldersgruppa 80–89 år er det venta ein svak vekst dei næraste åra og ein kraftig vekst etter 2020. Også tal personar over 90 år er venta å auka.

### PROSENTDEL AV INNBYGGJARANE I ULIKE ALDERSGRUPPER 1.1.2016 (KJELDE SSB)

	Stord	Hordaland	Landet
0–5 år	8,0	7,5	7,1
6–15 år	13,4	12,3	12,0
16–66 år	65,7	66,6	66,6
67–79 år	9,3	9,4	10,1
80–89 år	3,0	3,3	3,4
90 år og eldre	0,6	0,9	0,8
0–66 år	87,0	86,4	85,7
67 år og eldre	13,0	13,6	14,3

Folketalsutviklinga og alderssamansettinga har stor innverknad på dei statlege overføringane til kommunen. Meininga er at rammetilskotet skal reflektera at dei ulike aldersgruppene ikkje kostar kommunekassa det same. Yrkesaktive klarar seg stort sett sjølve, medan dei yngste skal ha skule- eller barnehageplass. Dei eldste skal ha tilbod om omsorgstenester.

### FRAMSKRIVING AV FOLKETALET I STORD KOMMUNE, ØKONOMIPLANPERIODEN 2017–2021 FORDELT PÅ ALDERSGRUPPER (KJELDE SSB)

	2017	2018	2019	2020	2021
0–5 år	1 488	1 500	1 515	1 567	1 576
6–15 år	2 521	2 563	2 578	2 586	2 632
16–66 år	12 443	12 548	12 661	12 747	12 838
67–79 år	1 837	1 905	1 967	2 051	2 098
80–89 år	592	594	618	611	651
90 år og eldre	132	140	143	156	150
<b>Sum</b>	<b>19 013</b>	<b>19 150</b>	<b>19 482</b>	<b>19 718</b>	<b>19 945</b>

På bakgrunn av SSB sine framskrivingar for 2015 er det berekna at Stord kommune kan få meirutgifter på om lag 13 mill. kr i 2017. Veksten i alle aldersgrupper trekker i retning av auka utgifter for kommunen. I økonomiplanperioden 2017–2020 er kommunen venta å få auka utgifter som følgje av demografiske endringar med i underkant av 60 mill. kr. Fleire born og unge trekker i retning av auka utgifter til barnehage og grunnskule, fleire eldre trekker i retning av auka utgifter til pleie- og omsorgstenester.

### BEREKNA MEIR-/MINDREUTGIFTER 2017–20 KNYTT TIL DEN DEMOGRAFISKE UTVIKLINGA I STORD KOMMUNE. FASTE 1 000 2016-KRONER (KJELDE SSB/TBU)

Aldersgruppe	2017	2018	2019	2020	2017–2020
Barnehage (0–5 år)	-288	852	1 563	7 227	9 354
Grunnskule (6–15 år)	556	4 670	1 668	890	7 784
Vidaregåande (16–19 år)	-56	-391	99	-90	-438
Vaksne (20–66 år)	913	1 859	1 404	1 360	5 537
Eldre (67 år og eldre)	11 970	6 899	8 018	8 309	35 196
<b>Total</b>	<b>13 095</b>	<b>13 890</b>	<b>12 753</b>	<b>17 696</b>	<b>57 433</b>

### 3.1.2 KOSTRA- OG EFFEKTIVITETSANALYSE

Ifølgje KOSTRA driv Stord kommune om lag 76 mill. kr billegare enn landsgjennomsnitt på dei tenesteområda som inngår i inntektssystemet. Men då er det ikkje teke omsyn til at kommunen også har eit lågare berekna utgiftsbehov. Det er rekna til 1,8 prosent lågare enn «gjennomsnittskommunen», og reduserer kommunen sitt «mindreforbruk» til 12 mill. kr. Når ein i tillegg justerer for at kommunen har mindre inntekter enn landsgjennomsnittet (98 prosent, tilsvarande om lag 12 mill. kr), har kommunen likevel berre eit samla «meirforbruk» på rundt 100 000 kr (sjå tabell under).

#### RESSURSBRUK/PRIORITERING SETT I SAMANHENG MED BEREKNA UTGIFTSBEHOV, STORD KOMMUNE 2015 (KJELDE KOSTRA)

	Aldersgruppe	Berekna utgiftsbehov 2015	Netto driftsutgifter 2015			Meir-/mindreutgifter ift.			
			Stord kommune (Kr. per innb.)	Landsgjennomsnitt (Kr per innb.)	Stord «normert nivå»	Landsgjennomsnitt	Prosent	«Normert utgiftsnivå» (1 000 kr)	Prosent
<b>Grunnskule</b>	6–15 år	1,088	94 832	102 261	97 542	-18 691 634	-8	-11 873 004	-5
<b>Pleie og omsorg</b>	Alle	0,886	15 256	16 198	17 198	-17 686 050	-6	18 775 000	6
<b>Barnevern</b>	0–17 år	0,970	6 865	8 331	7 431	6 673 232	-21	-4 096 800	-12
<b>Barnehage</b>	1–5 år	1,104	120 030	130 606	122 856	-13 389 216	-9	-9 811 500	-6
<b>Kommunehelse</b>	Alle	0,960	2 362	2 383	2 454	-394 275	-1	1 333 025	3
<b>Sosiale tjenester</b>	20–66 år	0,731	2 879	3 243	3 806	-4 081 168	-13	6 312 356	15
<b>Adm, styring og fellesutgifter</b>	Alle	0,959	3 448	4 266	3597	-15 357 950	-24	-12 560 475	-19
<b>Sum</b>		<b>0,985</b>				<b>-76 273 255</b>		<b>-11 921 398</b>	
<b>Sum innt. justert</b>								<b>129</b>	

Ein kan etter dette seia at kommunen sine utgifter er tilpassa inntektene. Her har det vore ei positiv utvikling dei siste tre åra; i 2012 hadde kommunen eit «overforbruk» på 31 mill. kr når ein tok omsyn til både utgiftsbehov og inntektsnivå. I 2013 var dette redusert til nær 12 mill. kr, medan det i 2014 og 2015 altså var tilnærma balanse mellom utgifter og inntekter.

Det må likevel understrekast at dette byggjer på gjennomsnittsbetraktningar. Det tek ikkje høgde for at Stord, som alle andre kommunar, på mange område vil avvika frå «normalkommunen». Berekningane tek ikkje høgde for Stord sine meirkostnader knytt til regionsenterfunksjonar. Eller at Stord har eit stort tal unge mottakarar av pleietenester, og at situasjonen i arbeidsmarknaden på øya gjev seg utslag i både reduserte inntekter og auka kostnader.

	2013	2014	2015
Utgifter i høve landssnitt	-44 915	-36 973	-76 273
Korrigert for utg.nivå	-32 529	-18 152	-11 921
Korrigert for innt. nivå	11880	298	129



## 3.2 Økonomiske føresetnader

### 3.2.1 FRIE INNTEKTER

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerkta statlige tilskot. Regjeringa reknar i framlegget til statsbudsjett med ein nominell skatteauke frå 2016 til 2017 på 2,3 prosent. Skatteøyret for kommunane er i 2016 11,8 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,8 prosent også for 2017.

Den samla kostnadsveksten (deflatoren) er i forslag til statsbudsjett rekna til 2,5 prosent. Lønsveksten utgjør 2,7 prosent. Pårekna skatteinntekter og inntektsutjamning byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2015, justert for berekna utvikling i 2016 og 2017. I brev av Fylkesmannen i Hordaland av 6.10.2016 heiter det m.a.:

«I berekning av skatteprognose for 2017 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2015 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2015. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01. 2017 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.»

Budsjettforslaget bygger på kommunen sin skatteinngang i 2016, som for Stord kommune har vore svakare enn for resten av landet. Ved utgangen av september hadde kommunen ein skattevekst på 1,3 prosent i høve til same periode i fjor. Gjennomsnitt for landet var 8,2 prosent. Rådmannen legg til grunn ein samla skattevekst i 2016 på 2,0 prosent. Det vil gje ei skatteinntekt på nær 494 mill. eller 92,4 prosent av gjennomsnittet for landet.

Skatteanslaget for 2017 skal byggja på den faktiske skatteinngangen i 2016. I tillegg skal det ta høgde for lokale forhold. Sjølv om det er venta at aktiviteten i Stordsamfunnet vil ta seg opp i andre halvår 2017, ser ikkje rådmannen at det er grunnlag for å leggja til grunn ein sterkare vekst enn det forslaget til statsbudsjett legg opp til, med 2,3 prosent i høve til 2016. Det inneber ei netto mindreinntekt på skatt på 10 mill. kr i høve til regjeringa sitt kommuneopplegg.

### ENKELTELEMENTA I FRIE INNTEKTER (SKATT OG RAMMETILSKOT), 1000 KR

	2016	2017	2018	2019	2020
Innbyggartilskot	424 691	438 094	444 862	448 292	450 075
Utgiftsutjamning	-12 635	-8 133	-8 322	-8 422	-8 485
Overgangs- og nyordningar (INGAR)	-1 073	-1 896	-	-	-
Særskilt fordeling	2 891	3 490	3 490	3 490	3 490
Ordinært skjønn	2 000	2 300	2 300	2 300	2 300
Skjønn - tap endringar av inntektssystemet	700				
Endring saldert budsjett 2016	2 126				
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	418 701	433 855	442 330	445 661	447 380
Netto inntektsutjamning	17 637	17 309	18 174	18 720	19 244
Sum rammetilskot	436 338	451 164	460 504	464 381	466 624
Skatt på inntekt og formue, vårt anslag	493 928	505 288	530 553	546 469	561 770
Sum frie inntekter, avrunda, ekskl. eigedomsskatt	930 300	956 500	991 100	1 010 800	1 028 400
Eigedomsskatt	39 776	39 681	39 681	39 681	39 681
Sum frie inntekter, avrunda inkl. eigedomsskatt	970 076	996 181	1 030 781	1 050 481	1 068 081
Endring i dei frie inntektene ekskl. eigedomsskatt (%)	3,2	2,8	3,6	2,0	1,7
Endring i dei frie inntektene (%) inkl. eigedomsskatt	3,4	2,7	3,5	1,9	1,7



Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 1,3 prosent, 0,7 prosent og 0,9 prosent i perioden 2018–2020. Det byggjer på SSB sine prognosar for befolkningsendring og dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

Ifølgje regjeringa sitt budsjettforslag er det lagt opp til ein realvekst, altså at løns- og prisjustering kjem i tillegg, i dei frie inntektene for kommunane på 3,6 mrd. kr. Innanfor denne inntektsauken er det venta at kommunane finansierer:

- Pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga (demografi) med 2,0 mrd. kr.
- Auka pensjonskostnader ut over venta kostnadsutvikling, 0,75 mrd.
- Satsingsområde innanfor rusomsorg (300 mill. kr), tidleg innsats i grunnskulen (150 mill. kr.), opptrappingsplan for rehabilitering og habilitering (100 mill. kr), fleksible barnehageopptak (400 mill.) og auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta (50 mill. kr)

### 3.2.2 SKJØNSMIDLAR

Fylkesmannen har tildelt kommunen 2,3 mill. kr. i skjønstilskot for 2017, mot 2,0 mill. kr. i 2016. Fylkesmannen grunngjev tildelinga slik:

«Kommunen er regionsenter og har tilbod som blir nytta av innbyggjarar frå nabokommunane, t.d. ulike fritidstilbod for funksjonshemma. Det er også mange studentar og arbeidstakarar frå andre kommunar som oppheld seg i kommunen.

Kommunen har høge utgifter til rusomsorg. Som regionsenter er det relativt mange personar med rusproblem i kommunen. Det medfører auka kostnader med å skaffa bustad, oppfølgings-teneste og økonomisk sosialhjelp.

Kommunen har mange sysselsette innafor leverandørindustrien til oljeverksemda. Det er store variasjonar i skatteinntektene som følgje av svingingar i aktiviteten.

Kommunen har no høg arbeidsløyse og får i år i underkant av kr. 13 mill. i statleg eingongs-tilskot i samband med kommunal tiltakspakke.

Kommunen står føre store investeringar i dei neste åra. Det er investering i nye ungdoms-skular, idrettshall, nye sjukeheims plassar og nye gravplassar. Det er etterslep på bygnings-vedlikehald.»

### 3.2.3 MOMSKOMPENSASJON

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert moms på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestilla eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester. Kommunen budsjetterer momskompensasjon lik meirverdiavgift både i drifts- og i investeringsbudsjettet. I driftsbudsjettet utgjer dette kr 19,1 mill. kr, i investeringsbudsjettet kr 46,8 mill.

### 3.2.4 ASYLMOTTAK, MOTTAK FLYKTNINGAR

Kommunen har budsjettert med ei tilskot på 3,0 mill. kr i 2017. Dette legg til grunn same tal bebuarar på asylmottak som ved utgongen av 2016. Inntekta skal kompensera Stord sine meirutgifter som vertskommune for dei to mottaka.

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 37,1 mill. kr. i 2017. Tilskotet er prisjustert i økonomiplanperioden, og justert for forventta mottak av flyktningar. Ved busetting av flyktningar mottok kommunen 767 400 kr for einslege vaksne og 717 400 kr for andre vaksne, einslege mindreårig og born som vert busett. Integreringstilskotet vert utbetalt over 5 år. Ein kan og få barnehagetilskot, særskilt tilskot til einslege mindreårige, eldretilskot og ekstra tilskot til personar med kjende funksjonshemmingar. Budsjettforslaget legg til grunn eit mottak av 60 flyktningar, familiesameining kjem i tillegg. Kommunen har budsjettert med 13 personar på familiesameining. Budsjettforslaget for asyl- og flyktningmottak byggjer på gjeldande ordningar.

### 3.2.5 RESSURSKREVJANDE TENESTEMOTTAKARAR

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år. Forslag til statsbudsjett legg opp til følgjande for 2017:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto lønsutgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagspunktet for kompensasjon er auka frå kr. 1 081 000 til kr. 1 157 000 for netto utgifter i 2016. Innslagspunktet er løns- og prisjustert og auka med kr. 50 000 utover det.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2017 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2016. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.

Kommunen er venta å ha 40 brukarar i 2017 som samla vil gje eit tilskot på 49,6 mill. kr. Innslagspunktet for kompensasjon er justert for lønsvekst med 2,7 prosent for netto utgifter i 2017. Nivået på tilskotet er vidareført i planperioden.



### 3.2.6 RENTE OG AVDRAGSKOMPENSASJON

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg, husbanken antar at denne vert på kr. 0,992 mill. i 2017. Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer kr. 2,917 mill. i inntekt. Av dette er kr. 2,351 mill. for avdrag og kr. 0,565 mill. rente. Rehabilitering av kyrkjebygg gir rentekompensasjon med kr. 0142 mill. i 2017. For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å ta imot kr. 0,491 mill. i 2017. Dette er siste året med denne ordninga. Samla rente- og avdragskompensasjon er budsjettert med kr. 4,542 millionar.

### 3.2.7 LØNSVEKST OG PENSJONSKOSTNAD

KS har laga ein prognose for årslønsvekst 2017 basert på årets lønsoppgjjer. Denne tilseier ein årslønsvekst på 2,2 prosent for kommunesektoren, med eit overheng frå 2016 på 0,9 prosent og lønsgliding på 0,2 prosent, med heilårsverknad på 1,1 prosent. Partane vart i lønsoppgjret 2016 einige om at sentrale tillegg skulle vere gjeldande frå 1.8.17, og lokale forhandlingar gjeldande frå 1.9.2017. Rådmannen sitt framlegg til budsjett byggjer på KS sine berekningar. Det er sett av kr. 9,028 mill. i lønsreserve i 2017, inklusive sosiale kostnader. Berekna samla lønsvekst i 2017 inklusive overheng frå 2016 utgjer om lag 40,356 mill. kroner inklusive sosiale kostnader. Statsbudsjettet legg opp til ein årslønnsvekst på 2,7 prosent.

Kommunen budsjetterer pensjonskostnader i samsvar med Kommunaldepartementet sine reglar for pensjonsføring med sju års avdragstid på premieavviket. Premieavvik opparbeida før 2014 vert amortisert over ti år. Premieavvik opparbeida før 2012 vert amortisert over 15 år. Kommunen har motteke budsjettoppgåver frå KLP og Statens pensjonskasse. Kommunen har eigenrisiko på AFP-ordninga. Pensjonsleverandørane har berekna premien for 2017 utifrå erfaringstal, forventta lønsvekst og avkasting på pensjonsmidlane. Berekna pensjonspremie for sjukepleiarane i KLP-ordninga er budsjettert med 20,02 prosent, for andre tilsette i KLP-ordninga 19,48 prosent av pensjonsgrunnlaget. Det er også budsjettert med ein reguleringspremie på kr 38,1 mill. kr. Det inneber at pensjonskostnaden til KLP i 2017 vert 6,6 mill. kr. høgare enn i 2016. Redusert amortiseringstid og auka rentegarantipremie gjer at samla pensjonskostand aukar. Dei tilsette dekkjer 2 prosent av pensjonsgrunnlaget.

Statens pensjonskasse (SPK) har varsla om ein premie på 12,25 prosent inklusiv tilsette sin 2 prosent-del. Dette er ein reduksjon i premien på 0,9 prosent. Likevel har pensjonskostnaden til SPK auka med 1,3 mill. kr.

Premieavviket for 2017 er budsjettert med 28,5 mill. kr, i tillegg kjem 4,0 mill. kr. i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2017 og amortisert (utgiftsført) over sju år frå og med 2018, saman med premieavvik frå tidlegare år. Høg lønsvekst og låge renter har over tid bidrege til auka pensjonskostnader. Kostnaden med amortisering av tidlegare års premieavvik er budsjettert til 10,5 mill. kr i 2017.

1 000 kr (inkludert arbeids- takardel 2 %)	Sum 2016 (revidert budsjett)	KLP 2017	SPK 2017	Sum 2017	Endring i høve til 2016
Premie (pensjonsutgift)	99 900	94 552	15 815	110 367	10 467
Berekna pensjonskostnad	75 255	66 287	15 540	81 827	6 572
Premieavvik	-24 645	-28 265	-275	-28 540	-3 895
Amortisering av tidlegare premieavvik	9 118	10 169	330	10 499	1 576

*Utgifta (premien) er det me vert fakturert frå pensjonsleverandøren og utgjer ein likviditetsmessig belastning.*

*Kostnaden er det som vert bokført i rekneskapen, og påverkar årsresultatet.*

*Premieavviket er ein funksjon av desse to elementa, og reduserer utgifta frå 110,3 mill. til 81,8 mill. kr. i kostnad.*



### 3.3 Eigedomsskatt

Det er ikkje lagt opp til å auka skattesatsane. På bakgrunn av innkoma i 2016 er det budsjettert med slike brutto skatteinntekter i 2017:

#### BUDSJETTERTE INNTEKTER EIGEDOMSSKATT

Bustader og fritidseigedomar 2 ‰	23 600
Tomter 4 ‰	808
Verk og bruk 4 ‰	7 416
Annan næringseigedom 4 ‰	7 858
<b>Sum</b>	<b>39 681</b>

Det vert gjort framlegg om at skatten skal betalast inn i fire terminar. Innkrevjinga vert samordna med kommunen sine øvrige eigedomsavgifter.

Kommunen sitt eigedomsskattekontor er administrativt organisert under økonomiavdelinga. Det er inngått rammeavtale med takseringsfirma for å gjennomføra løpande taksering av nybygg og endringar. Årskostnad med forvaltning av ordninga med eigedomsskatt er rekna til 1,1 mill. kr.

Budsjettforslaget legg opp til at eigedomar som tidlegare (i 2013, 2014, 2015 og 2016) har fått fritak etter eigedomsskattelova § 7 også skal ha fritak i 2017.

Kommunestyret vedtok som del av budsjettvedtaket for 2013, pkt h), at etter nedbetaling av akkumulert underskot skal inntekter frå eigedomsskatt gå til investeringar innanfor helse/omsorg og skule. Vedtaket er følgt opp i budsjettforslaget ved at inntektene frå eigedomsskatt foreslått disponert til finansiering av investeringar.

### 3.4 Konsekvensjustert drifts- og investeringsbudsjett 2017–2026

Det er også i år utarbeida ei skisse til eit ti-års investeringsprogram, fram til og med 2026. Programmet tek utgangspunkt i budsjettforslaget og vedtekne sektorplanar, og syner konsekvensar av tiltaka i form av kapital- og driftskostnader.

Føremålet med å utarbeida ein slik prognose er at det skal vera eit hjelpemiddel for handsaming av budsjett og økonomiplan ved at ein får synleggjort driftskonsekvensane av investeringsprogrammet ut over økonomiplanperioden. Samstundes gjev det eit oversyn over prosjekt som ligg i sektorplanar m.m. Skissa vert følgjeleg eit konsekvensjustert drifts- og investeringsbudsjett for dei neste seks åra. Det gjev eit samla oversyn over planlagde investeringstiltak og konsekvensane av desse for driftsbalansen, og syner at det planlagde investeringsprogrammet vil gje monalege utfordringar for driftsbalansen.

## 4. Målstyring

Kommunen sine overordna målsettingar ligg i kommuneplanen for 2010–2021. Kommunen skal i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert, ved å følgje opp målsetjingane innanfor desse områda:

- Byutvikling, senterstruktur og samferdsle
- Miljø, estetikk og trivsel
- Arbeid og næringsliv
- Oppvekst
- Rehabilitering, helse og omsorg
- Areal

Kommunen innførte i samband med 2013-budsjettet eit målstyringssystem som tok utgangspunkt i Kommunebarometeret. Barometeret er utarbeida av Kommunal Rapport og tek i tillegg til KOSTRA-tal utgangspunkt i data frå Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og Kommunaldepartementet.

Det er sett opp målekart i tilknytning til kommentarane for dei fleste sektorane. Det fins ikkje relevante måldata for alle tenesteområda i kommunen. Der KOSTRA-tal er nytta i målekartet, er det gjort ei samanlikning av før og no resultat både for kommunen, landet og kommunegruppa (dei kommunane som er mest like oss i folketal og inntekt).

Målemetodane som er lagt til grunn i det overordna målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar somer utarbeidd av [www.bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no). Undersøkingane gjev eit bilete av kva brukarane meiner om tenestene og kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for kommunen. Måleskalaen hjå [bedrekommune.no](http://bedrekommune.no), er frå 1–6, der 6 er best.

Elevundersøkinga vert gjennomført årleg og er obligatorisk for 7. og 10. steget. Det er Utdanningsdirektoratet sine undersøkingar som vert nytta. Måleskalaen til Utdanningsdirektoratet, er frå 1–5, der 5 er best.

Ettersom det kan vera samanheng mellom medarbeidarane sin tilfredsheit og kvalitet på tenestene er det viktig å kartlegge denne systematisk. Målet er å skape grunnlag for forbetring. Stord kommune har eit system for gjennomføring av undersøkingar der det annakvart år vert gjennomført brukarundersøkingar og medarbeidarundersøkingar. I 2016 vart det gjennomført brukarundersøking i institusjon for pårørande, i heimetenesten for pårørande, og i barnehage for foreldre og føresette. Neste brukarundersøking skal gjennomførast i 2018. Måltala for medarbeidartilfredsheit er henta frå undersøkinga som vart gjennomført i 2015. Neste medarbeidarundersøking skal gjennomførast i 2017.

Stord kommune har i 2016 ei målsetting om eit lågare sjukefråvær enn 7,5 %. Sjukefråværet i kommunen har hatt ein positiv trend dei siste åra, og ein ligg an til å nå målsetjinga i 2016. Eit systematisk arbeid med oppfølging av sjuke-meldte, samt fokus på førebyggjande aktivitetar, har bidrege til nærare 1300 fleire friske dagsverk i 2016 samanlikna med 2014. Barnehagane, som er den sektoren i kommunen med høgast sjukefråvær, er det i samarbeid med bedriftshelsetenesta og NAV Arbeidslivssenter gjennomført nærværprosjekt med målsetting om auka openheit, meir bruk av gradert sjukemelding i plassen for full og tett oppfølging av sjukemeldte. Prosjektet har bidrege til gode prosessar kring eige arbeidsmiljø og opplæring av leiarar.

I 2016 er det oppretta fire HMT-lag med ansvar for å følgja opp avvik, sjukefråvær, IA-målsettingar, kartleggingar, yrkeshygieniske målingar og vernerundar. Dei tilsette registrerer avvik og uønskete hendingar på HMT, kvalitet og organisasjon. Det vert oppmoda om å registrera avvik, og det er ei målsetjing om at kvar eining skal minimum registrera like mange avvik som eininga har årsverk i løpet av ein to-års periode.



## MÅLEKART

<b>Brukar</b>	<b>Mål 2018</b>	<b>2016 Snitt Stord</b>	<b>2016 Snitt nasjonalt</b>	<b>2014 Snitt Stord</b>
Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden	>4,50	4,50	4,57	4,9
Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt	>5,00	4,90	5,07	5,6
Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene	>4,90	4,83	5,03	4,8
Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene	>4,80	4,63	4,70	4,8
Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene (Heilskapsvurdering)	>4,90	4,87	4,90	5,0

<b>Elevar</b>	<b>Mål 2016/17</b>	<b>2015/16 Snitt Stord</b>	<b>2015/16 Snitt nasjonalt</b>	<b>2014/15 Snitt Stord</b>
I klassen min meiner me det er viktig å jobbe godt med skulearbeidet	4,1	4,2	4,1	4
Trivs du på skulen?	4,4	4,5	4,4	4,3
Lærarane hjelper meg slik at eg forstår det eg skal læra	4,0	4,6	4,5	4,5

<b>Medarbeidarar</b>	<b>Mål 2017</b>	<b>2015 Snitt nasjonalt</b>	<b>2015 Snitt Stord</b>
Deltakarprosent på medarbeidarundersøkinga	74 %	-	72 %
Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin	4,7	4,6	4,6
Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål	5,0	5,0	4,9
Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver	4,9	4,8	4,9
Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte	4,9	4,8	4,8
Medarbeidarane opplever at næraste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben han gjer	4,3	4,2	4,1
Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling	4,3	4,2	4,2



## MÅLEKART

### HMT – Helse, miljø og tryggleik

Sjukefråvær (i prosent)	7,5 %	7,5 %	8,33 %
Av dette korttidsfråvær <16 dagar	2,4 %	2,4 %	
HMT avvik registrert i Kvalitetslosen	460	925	
Hendingar med arbeidsrelatert skade	0	0	
Økonomi, maksimum avvik i høve vedtekne budsjetttrammer	0 %	0 %	

### Økonomi m.m.

	Mål 2017	Resultat 2016 Stord	Resultat 2015 Landet	Resultat 2015 Stord
Økonomi, netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,7 %		2,9 %	3,7 %
Kommunebarometeret, rangering blant landets kommunar	<62	62		169

## 5. Budsjettområda, drift og investeringar

5.1 Formannskapet .....	24	5.4.3 Bibliotek.....	41
5.1.1 Politisk.....	24	5.4.4 Brann, redning og feiing.....	42
5.1.2 Administrasjon, interkommunal innkjøpsordning, fellesutgifter .....	24	5.4.5 Beredskap .....	42
5.1.3 IKT .....	24	5.4.6 Landbruk, miljø og næring .....	43
5.1.4 Folkehelse .....	24	5.4.7 Sunnhordland lufthamn AS .....	43
5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi .....	26	5.4.8 Regulering, byggjesak, oppmåling.....	44
5.1.6 Kyrkjeleg fellesråd.....	26	5.4.9 Stord kommunale eigedom .....	45
5.2 Driftsstyret .....	27	5.4.10 Stord kommunalteknikk (SKT).....	46
5.2.1 «Prosjekt arealeffektivisering» .....	28	5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg.....	48
5.3 Komité for oppvekst og utdanning .....	29	5.5.1 Sosialtenester, NAV .....	51
5.3.1 Barnehagar.....	30	5.5.2 Eining for psykisk helse og rus .....	51
5.3.2 Skule, SFO .....	32	5.5.3 Habilitering .....	52
5.3.3 Vaksenopplæringa .....	34	5.5.4 Institusjonsdrift .....	52
5.3.4 Kulturskulen.....	35	5.5.5 Aktivitet og rehabilitering.....	52
5.3.5 Førebyggjande tenester .....	36	5.5.6 Heimebaserte tenester .....	53
5.3.6 Barnevern.....	37	5.5.7 Kundetorget.....	53
5.4 Komité for næring, miljø og kultur.....	38	5.5.8 Legetenesta.....	54
5.4.1 Kulturtenester .....	39	5.5.9 Bustader til funksjonshemma.....	54
5.4.2 Idrett og friluftsliv .....	40	5.5.10 Interkommunale akutte døgnseger .....	54



## 5. Budsjettområda, drift og investeringar

Samla inntektsramme for driftsbudsjettet for 2017 er 1,041 mrd. kr. Tekstdelen – budsjettkommentarane – seier først og fremst noko om endringane i høve til dagens situasjon; endra vilkår/rammer for drift og/eller endringar i tenestetilbodet.

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2017–2020 byggjer på gjeldande økonomiplan og sektorplanar. Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal (inkl. meirverdiavgift). Oversikta viser samla investering, spesifisert budsjett ligg i tabell 7.7 og 7.8.

### FRAMLEGG TIL SAMLA INVEST. PR. TENESTEOMRÅDE (1 000 KR)

	2017	2018	2019	2020	2017–20
Administrasjon og fellesfunksjonar	8 220	7 350	7 350	7 350	30 270
Kyrkje	1 700	5 200	1 700	1 700	10 300
Bustad/næring/utbygging/grunnkjøp	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Skule og barnehage	120 700	4 800	2 300	201 300	329 100
Kultur, idrett	3 950	17 550	3 050	5 900	30 450
Brann, veg og grønt, teknisk	19 620	29 300	26 600	17 000	92 520
Vassverk	81 450	75 150	69 350	93 900	319 850
Avlaup	84 300	82 700	97 850	66 700	331 550
Helse og sosial	112 375	80 800	63 700	13 700	270 575
<b>Samla investering</b>	<b>433 315</b>	<b>303 850</b>	<b>272 900</b>	<b>408 550</b>	<b>1 418 615</b>

### SAMLA FINANSIERING, INVESTERINGSBUDSJETT (1 000 KR)

(1 000 kr)	2017	2018	2019	2020	2017–20
Overføring frå drift/momskompensasjon	46 860	20 000	12 000	40 000	118 860
Statlege overføringar	2 300	85 600	1 700	1 000	90 600
Sal av eigedom/bruk av fond/eigedomsskatt	38 000	38 000	38 000	38 000	152 000
<b>Sum eigenfin. / tilskot</b>	<b>87 160</b>	<b>143 600</b>	<b>51 700</b>	<b>79 000</b>	<b>87 160</b>
<b>Sum lån ikkje sjølvfinansierande investeringar</b>	<b>180 405</b>	<b>2 400</b>	<b>54 000</b>	<b>168 950</b>	<b>405 755</b>
Låneopptak avgiftsområdet	165 750	157 850	167 200	160 600	651 400
<b>Samla finansiering</b>	<b>433 315</b>	<b>303 850</b>	<b>272 900</b>	<b>408 550</b>	<b>1 418 615</b>

## 5.1 Formannskapet

### 5.1.1 POLITISK

Utgifter til politisk arbeid er vidareført på 2016-nivå. Det er sett av kr. 100 000 til disposisjon for formannskapet og kr. 375 000 til Komité for næring, miljø og kultur til kultur- og næringstiltak, sjå avsnitt 5.4. Det er lagt inn ein vekst i løyvinga til kontrollutvalet på 2,5 prosent. Den totale ramma for kontrollutvalet er kr. 966 385. Kontrollutvalet har i sitt budsjettforslag for 2017 foreslått ei ramme på kr. 1 069 689 (sjå vedlegg 9.1). Rådmannen har på vanleg måte handsama Kontrollutvalet som del av det samla kommunebudsjettet.

### 5.1.2 ADMINISTRASJON, INTERKOMMUNAL INNKJØPSORDNING, FELLESGIFTER

Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum har for 2017 budsjettert med 200 prosent stillingsressurs. Stord kommune dekker 20 prosent av lønskostnad for innkjøpssjef før fordeling av utgiftene til kommunane etter folketal. Ordninga vert elles driven etter vertskommuneprinsippet. Innkjøps-samarbeida i Sunnhordland, på Haugalandet og i Hardanger deler i tillegg lønskostnader for 50 % felles driftsressurs av e-handel.

### 5.1.3 IKT

IKT er eit sentralt verkemiddel både når det gjeld effektivisering og utvikling av kommunale tenester. Støtteining IKT driftar IKT-tenestene i kommunen og har eit særleg ansvar for å vurdere korleis ein møter den teknologiske utviklinga, korleis ein best nyttar den digitale teknologien og utviklar gode løysingar for digital sjølvbetening (e-forvaltning).

I 2017 vil ein ferdigstille oppgraderinga av personal, rekneskap og lønssystemet Agresso. Agresso vert også nytta av Fitjar og Bømlo, og Stord driftar programmet for nabokommunane. Oppgraderinga vil gje oss eit meir fleksibelt og moderne system der blant anna elektroniske timelister vil bli innført. Ein vil også få på plass integrasjon mellom turnussystemet til rehabilitering, helse og omsorg og Agresso for overføring av fråvær og ferie. Stord kommune sin del av dette er kr 250 000.

Drift av sak/arkiv-systemet ePhorte er eit samarbeid mellom Bømlo, Fitjar, Haugesund, Stord og Tysvær, og vert drifta av Bømlo kommune. Systemet skal også oppgraderast til ny versjon i 2017. Stord kommune sin del av dette er kr 326 000.

Andre prioriterte oppgåver i 2017 er:

- Datamaskinar til lærarane (kr 2,43 mill.)
- Utviding av lagrings- og serverkapasitet i serverrom (pga. auka data-mengd). I dette inngår også auke i kapasitet for tryggleikskopi/backup (informasjonstryggleik) samt teknisk oppgradering av kjernenettverk i server- og kommunikasjonsrom (kr 1 mill.).
- Oppgradering av telefonsentral og ekspedientstøttesystem (sentralbord) (kr 0,2 mill.)
- Trådløst nettverk diverse kommunale bygg (kr 52 000)

### 5.1.4 FOLKEHELSE

Folkehelselova set krav om systematisk folkehelsearbeid utifrå lokale utfordringar. Arbeidet har tiltak i alle sektorar, og mål i andre tenesteområde er også folkehelsemål. Stord har i 2016 lagt fram det første oversiktdokumentet over folkehelsa. Det er utarbeida 5 mål for folkehelsearbeidet som gjeld for heile den kommunale verksemda. Måla er knytt til bakanforliggende faktorar for helse og fokuserer på helsefremjande tiltak meir enn sjukdomsførebygging, og samfunnsretta tiltak meir enn individuelle.

Folkehelse og livskvalitet handlar mykje om kvalitative verdiar som ikkje kan målast med tal. Måltal for folkehelse har difor avgrensa verdi som styringsverktøy. Folkehelsearbeid er langsiktig, gjennomførte tiltak vil ofte først gje effekt fleire år fram i tid.

Sosiale fellesskap og kjensle av tilhøyrse er viktige helsefremjande faktorar. Utanforskap er eit trugsmål for den einskilde og for samfunnet. Fokus må rettast både mot familien, nærmiljøet, skule/ arbeidsplass og fritida. Foreldrenettverk, småbarnstreff, aktivitetsleiarar i skulen og open hall er døme på tiltak som fremjar inkludering og fellesskap. Breiare deltaking i frivillig sektor er satsingsområde.



Nærmiljøet sine kvalitetar verkar inn på høve til deltaking, inkludering og trivsel. Helsefremjande faktorar er m.a. tryggleik, tilgang på sosiale møteplassar, gode bu- og oppvekstområde og eit godt teneste- og servicetilbod. Sykkelby, nye turvegar, oppgradering av skulebygg, universell utforming, og betre offentleg transporttilbod er blant helsefremjande tiltak i nærmiljøa.

Samfunnet skal leggje til rette for sunne val ved å gje individuell kunnskap og støtte, og gjennom strukturelle tiltak knytt til tilgjenge og tryggleik. Frisklivs-sentralen, førebyggjande helsetenester og SLT saman med skulane er viktige aktørar. Fysisk tilrettelegging for aktiv transport, leik, idrett og det nære friluftslivet er nødvendig. Det skal leggjast vekt på samarbeid med frivillige og private aktørar.

Levealder, sjukdomsbyrde og opplevd helse heng saman med utdanningsnivå og inntekt. Stord har 6 år skilnad i levealder mellom personar med låg og høg utdanning. Innsatsen må rettast mot gode levekår, gjennomføring av utdanningsløp, sosial deltaking og eit likeverdig tenestetilbod. Innsats gjennom heile oppveksten er nødvendig for å motverke fråfall i vidaregåande skule. Utjamnande tiltak retta mot deltaking i fritidsaktivitetar, sosiale møteplassar og arbeidsliv er andre satsingsområde.

Medverknad gir eit betre kunnskapsgrunnlag for gode avgjerster i tråd med folk sine behov. Samtidig kan medverknad gi styrka sjølvkjensle, identitet og tilhørslse. Brukarundersøkingar er viktige reiskapar. Det må utformast rutinar knytt til medverknad i systemarbeid. Folkehelseforum er møteplass for dialog og utveksling av kunnskap innan tema folk er opptatt av. Stord deltek i det 3-årige nasjonale prosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse. Prosjektet har fokus på auka medverknad i kommunalt plan- og utviklingsarbeid, og vil gjennomføre medverknadsprosessar m.a. i skular og barnehagar.

## MÅLEKART FOLKEHELSE

	Mål 2017	Stord 2015	Stord 2014	Norge 2015
<b>Mål 1 – Sterkare nære sosiale nettverk</b>				
Trivst på skulen 10 klasse % (fhi)	>81	81,8	80,1	85,3
Plaga av einsemd vg skule % (Ungdata)	<23	23	-	22
Aktiv i fritidsorg. ungd.skule % (Ungdata)	>75	75	-	63
Psyk. sympt./liding 15–29 år pr.1000 (fhi)	<158	158,3	157,2	141,6
<b>Mål 2 – Gode, inkluderande nærmiljø</b>				
Nøgd med lokalmiljøet vg.skule % (Udata)	>65	65	-	65
Skadar behandla på sjukehus (fhi)	<14	14,0	14,5	12,8
<b>Mål 3 – Helsefremjande levevanar</b>				
Røyking gravide % (fhi)	<8	8	9	10
Overvekt og fedme ved sesjon % (fhi)	<25	25,4	24,9	22,0
Hjarte og karsjukdom per 1000 (fhi)	<121	121,7	121,9	105,8
<b>Mål 4 – Mindre sosiale skilnader i helse</b>				
Fråfall vidaregåande skule % (fhi)	<22	22	23	23
Barn i låginntektsfamiliar % (ssb)	<8,4	8,4	7,8	11,5
Brutto arbeidsløyse 15–74 år % (ssb)	<4,0	4,1	2,4	2,9
Uføretrygda 18–44 år % (fhi)	<3,0	3,0	2,8	2,6
Mottakar av sosialstønad 18–24 år % (ssb)	<6,7	6,7	6,3	-
<b>Mål 5 – Kvalitativ kunnskap og medverknad som grunnlag for lokal samfunnsutvikling</b>				
Gjennomførte folkehelseforum (tal forum)	2	2	2	-
Brukarundersøking siste to år (tal tenester)	5	3	4	-
Medverknadstiltak i skule/barnehage	4	-	-	-



### 5.1.5 OVERORDNA PLANLEGGING, KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Framlegg til kommunal planstrategi ligg til politisk handsaming. Høyring av planstrategien vart hausten 2016 samordna med høyring av planprogram for revisjon av kommuneplanen, både arealdel og samfunnsdel, men det vert gjort separate, politiske vedtak i sakene.

Planstrategien skal omfatta ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, irekna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i perioden.

Gjeldande kommuneplan, kommuneplanen for Stord 2010-2021, vart vedteken i 2011. I løpet av 2016/tidleg 2017 vil framtidig trasé for ny E39 over Stord verta avklart. Denne vil vera viktig premis for vidare utbygging og utvikling av kommunen. Det er eit sterkt behov for å revidere arealdelen av kommuneplanen, mellom anna for å få eit godt, heilskapeleg grep om arealforvaltninga i aksen Heiane-Vabakken/Leirvik-Ådland, der ny E39 legg nye føringar. Vidare har ein behov for å klargjere ein arealforvaltningsmessig strategi, nedfelt i plan, som kan leggje føreseielege rammer for utviklinga av tenestetilboda elles i kommunen innanfor bl.a. oppvekst og helse og teknisk infrastruktur.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging legg vekt på raskare planprosessar for planlegging av bustad, næring og samferdsel. Klare overordna føringar for areal- og samfunnsutviklinga gjennom oppdaterte planar vil vera avgjerande for å oppnå dette. Stord er mellom dei kommunane i Hordaland med størst arbeidsløyse. Oppdatert kommuneplan, arealdel, som medfører høve til rask iverksetjing av tiltak, er eit viktig næringspolitisk tiltak. Vidare er det peika på trongen for utarbeiding av ein nærings- og sysselsetjingsplan. Avhengig av politisk vedtak vil dette gjennomførast anten som del av samfunnsdelen av kommuneplanen, eller som ein eigen strategisk plan.

Av ressursar til overordna planarbeid er det ein heil stilling som kommuneplanleggjar i tillegg til kr 500 000 i prosjektmidlar. Budsjettet føreset at det vert kjøpt tenester frå RBO. I saka om kommunal planstrategi til kommunestyret er det antyda eit ressursbehov på 1,5 mill. kr. i 2017.

Stord kommune er med i Utviklingsprogrammet for byregionar. Innanfor delprosjektet Den tette byen vil ein arbeide fram ein moglegheitsanalyse som vil utgjere eit viktig grunnlag for revisjon av kommunedelplan/ utarbeiding av områdereguleringsplan for Leirvik sentrum.

### 5.1.6 KYRKJELEG FELLESRÅD

Driftstilskotet til Stord kyrkjelege fellesråd er foreslått auka med 2,5 prosent til kr. 8 179 176. Kommunestyret innførte i desember 2008 ei ordning med eit tilskot på kr. 5 000 til etterletne som vel kremasjon, med siktemål å auka bruken av urnegraver. Ordninga er vidareført med tilsvarande løyving som for 2016, kr. 90 000. Kyrkja søker om 8 520 000 kr. i driftstilskot frå kommunen for 2017 (kyrkja sitt budsjettframlegg ligg som vedlegg 9.2-9.2.3).

Den nye gravplassen i Frugarden med 500 plassar vart teken i bruk i 2014. Statens vegvesen har sett rekkjefølgjekrav slik at ein berre kan ta i bruk 500 graver før prosesjonsveg er ferdig opparbeidd. Det vart sett av kr. 200 000 til regulering av ny prosesjonsveg i Frugarden i 2016. Dette arbeidet er starta opp med ein forstudie for å avklare hovudløyving for framføring av prosesjonsveg. Reguleringsplanarbeidet har mål om å bli sluttført i 2017. Det ligg inne 3,5 mill. kr. til gjennomføring av prosjektet i 2018.

Det er på investeringsbudsjettet sett av 1,5 mill. kr. kvart år til vidare rehabilitering av kyrkjene. Det er ifølgje kyrkjevevja mange år før Stord kyrkje framstår slik den skal vera. Det som hastar mest er ferdigstilling av varmeanlegget og rehabilitering av våpenhus/tårnfot. Det er sett ned ein komité for utbetring av kjøkenet i Nysæter kyrkje, det er lagt opp til omfattande dugnadsinnsats for å få gjennomført dette prosjektet.

Det er sett av 0,2 mill. kr. til utstyr kvart år. Kyrkjevevja skriv at utstyret på gravplassane er gammalt og ber preg av slitasje.

## 5.2 Driftsstyret

Driftsstyret sitt ansvarsområde er i hovudsak kommunen sin overordna personalpolitikk og organisasjons- og administrasjonsspørsmål. Fellespoten for kurs og utdanning er vidareført med kr 200 000 i budsjettforlaget. Samla løyving i kommunen til føremålet ligg på om lag 4,0 mill. kr. og er ei vidareføring av nivået i 2016.

Stord kommune har behov for unge arbeidstakarar og faglært arbeidskraft. Kwart år tilbyr kommunen læreklassar i fleire fag. Kommunen tok i 2016 inn 18 lærlingar, det er for 2017 forslag om at kommunen tek inn 9 lærlingar. Det vil i høve til året før gje ei innsparing på ca. 2,5 mill. kr. for åra 2017–19.

Stillingsgruppa vert vidareført med eit innsparingskrav på 2 mill. kr.

Stillinga som nettredaktør i Stord kommune er vakant og vert trekt inn med kr 860 000. Driftsstyret godkjende 5.10.2016 omorganisering av dokument-senteret, ytre kundetorg og nettsida. Stillinga var planlagt inn i den nye avdelinga Fellestenestene, og skulle slik bidra til å samordne intern og ekstern informasjon. Oppgåvene til nettredaktøren må etter inndraging av stillinga fordelast mellom Fellestenestene og einingane/avdelingane, som må ta større ansvar for eigen produksjon av tekst til nettsida.

Følgjande verktøy for effektivisering og fornying av kommunen vert ført vidare;

- Trepertssamarbeid «Saman om» er eit likeverdig samarbeid mellom politikarar, leiarar og tillitsvalde. Trepertssamarbeidet skal bidra til å gjera kommunen betre rusta til å møte framtida sine utfordringar med bærekraftige tenester, ved å skapa ein varig uformell arena for drøfting og idéutvikling og å sjå synergieffektar på tvers av einingar og sektor.
- Kommunen sin kultur- og verdiplakat skal bidra til å skape ein felles kultur for samarbeid og utvikling og full verdi av trepartssamarbeidet får me ved at heile organisasjonen dreg i same retning mot felles mål for å møte innbyggjarane sine behov. Det er i gang eit arbeid med revisjon.
- Driftsstyret vedtok i 2015 å systematisk nytta Lean som verktøy for utvikling og effektivisering i kommunen. Lean går ut på analysere noverande arbeidsprosessar, tenkje forbetring og setje i verk forslag til tiltak for å få ein forbetra arbeidsflyt/ arbeidsprosess.



### 5.2.1 «PROSJEKT AREALEFFEKTIVISERING»

Formannskapet handsama som sak 30/16 Mogeleg kjøp av sparebankbygget, prosjekt arealeffektivisering, og vedtok mellom anna:

1. «Formannskapet ber rådmannen arbeida vidare med optimalisering av eigen bygningsmasse samt vurderer nødvendig kjøp/ leige av areal ut frå trong for areal.
2. Formannskapet ber rådmannen om å leggja fram ein konkret oversikt over dei kommunale tenestene og funksjonane som etter nærmare vurdering bør samlast i bygget mtp ei effektivisering av arealutnyttinga i kommunen – samt ei betre, meir heilskapleg og effektiv organisering av tenestene, drifta og administrasjonen i den samla verksemda.
3. Kommunestyret skal godkjenna eit mogeleg kjøp av eventuelle nye eigedomar og langsiktige leigekontraktar. Saka skal også omfatta planar for bruk av desse kommunale bygga:
  - Rådhuset
  - Ske-bygget på Heiane
  - Ske-bygget i sentrum
  - Kommunen sine lokale i Myro
  - Blåbygget i Sagvåg
  - Kommunen sine lokale i Sævarhagen»

Formannskapet bad vidare rådmannen om å greia ut alternativ, som ombygging av rådhuset og leige av areal, og om at dette vart vurdert opp mot kjøp av sparebankbygget. Dette vil bli følgt opp i ei eiga sak til kommunestyret. Det er berre funne rom til prosjektmidlar i 2017. I 2018 er det lagt inn 9 mill. kr. til ventilasjon, slusing m.m. på rådhuset.

Sidan formannskapet handsama saka i september er i tillegg følgjande gjort:

- I sak om rehabilitering av Skogatufto barnehage er det forslag om at heimebaserte tenester før årsskiftet 2016/17 vert samla i SKE-bygget i sentrum
- Det vart i budsjettrevisjonen for 2. tertial 2016 bestemt at ny Eining for psykisk helse og rus skulle lokaliserast i kommunen sine lokale i Myro
- Det er inngått leigeavtale om (mellombelse) lokale for PPT i dei tidlegare lensmannslokala i Bytunet

I budsjettforslaget ligg det inne ei løyving på 6,8 mill. til ombygging av Blåbygget i Sagvåg. Det er forslag om at bygget skal innreiast for å huse helsestasjon, dagtilbod for funksjonshemma og hjelpemiddellager.



### 5.3 Komité for oppvekst og utdanning

Komité for oppvekst og utdanning vedtok i PS 12/2014 «Plan for kvalitetsutvikling-fokusområde for oppvekst 2014–2017». Planen omhandlar dei områda einingane skal ha spesiell fokus på fram til og med 2017, for å sikra ei utvikling i samsvar med nasjonale og lokale føringar.

I følgje folkehelselova skal alle kommunale tenesteområde medverka til å fremja folkehelsa. Tenesteområde for barn og unge vert særleg viktige, då innsats i ung alder vil kunna ha ein førebyggjande effekt. Gjennom å betra kvaliteten i barnehagar og skular og ved å vidareutvikla førebyggjande hjelpetenester for barn, skal oppvekstkåra til barn og unge styrkjast. Bette tenestetilbod for alle og meir samordning mellom tenestene for dei mest sårbare barna, blir i St. meld nr. 34 2013 omtala som avgjerande for gode oppveksttilhøve. Kommuneplan for Stord kommune 2010–2021 har oppvekst som eit av satsingsområda og legg vekt på gode og trygge oppvekstkår for barn og unge. Kommunen skal følgja nøye med i dei tilhøva barn og unge lever under, førebyggja og fremja god fysisk og psykisk helse. Dersom ein skal nå barn som har særlege behov, er det naudsynt med tverrfagleg samarbeid. Kommunen må vera i stand til å ta ansvar for tidleg identifisering, kartlegging og vurdering av barn og unge sine vanskar og hjelpebehov.

#### **Betre tverrfagleg innsats (BTI)**

Av plan for kvalitetsutvikling går det fram at alle tenestene innanfor oppvekstområdet skal arbeida for å betra den tverrfaglege innsatsen. I dette arbeidet står helsedirektoratet si satsing på BTI sentralt. BTI er ein samarbeidsmodell som skal sikra heilskapleg og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar det er knytta uro til. Barnehage, skule, kulturskule, førebyggjande tenester og barnevern skal alle vera med å sikra gode oppvekstvilkår, og BTI-modellen er i ferd med å bli eit viktig verktøy for samhandlinga mellom desse tenestene. Frå 01.10.2016 vart førebyggjande tenester ei eiga eining med helsestasjons- og skulehelseteneste, pedagogisk–psykologisk teneste (PPT), SLT- koordinator, Utekontakten og, spesialpedagogisk team.

### 5.3.1 BARNEHAGAR

#### MÅLEKART BARNEHAGE

	Mål 2017	Resultat prosent (SSB konsern)			
		Stord 2015	Stord 2014	Grp8 2015	Landet 2015
Del tilsette menn i grunnbemanninga (alle barnehagar i kommunen)	>19	19	14		
Tal barn 1–5 år med barnehageplass	93,4	93,4	91,4	90,3	91,0
Tal barn korrigert for alder per årsverk til basisverksemd i kommunale barnehagar	6,7	6,7	6,5	6,2	6,1
Del styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent barnehagelærarutdanning	100	99,3	96,1	94,3	92,6
Del tilsette med barnehagelærarutdanning (alle barnehagar i kommunen)	>39,3	39,3	38,4	36,6	36,4
Del minoritetsspråklege barn i barnehage av innvandrarbarn 1–5 år	>93,4	82,3	79,0	71,7	73,9

Det er ei nasjonal målsetting at menn skal utgjera 20 prosent av tilsette i barnehagen. For å auke andelen menn i kommunale barnehagar oppmodar kommunen menn å søkja på ledige stillingar, og vil prioritera dei ved tilsetjing når søkjarar elles står likt.

Personaltettleiken i dei kommunale barnehagane i Stord kommune er eitt årsverk per 6,7 barn korrigert for alder, jamfør PS 34/16 Endring av vedtekter for kommunale barnehagar.

Regjeringa har varsla å innføra ei bemanningsnorm i barnehagane innan 2020. No følgjer dei dette opp, og vil senda eit forslag på høyring våren 2017.

Stord kommune har god tilgang på barnehagelærarar, og dette viser att på prosentdelen tilsette med slik utdanning i barnehagane. Personalet sin kompetanse er den viktigast enkeltfaktoren for at barn skal trivast og utvikla seg i barnehagen og for å realisera måla i barnehagelova og rammeplanen.

Talet på minoritetsspråklege barn med barnehageplass i Stord kommune aukar. Dette er positivt for barna då forskning viser at tidleg barnehagestart gjer det lettare for desse barna å lukkast i utdanningssystemet. Kommunane får kvart år øymerka tilskot til tiltak for å betra språkforståinga blant



minoritetsspråklege barn i førskulealder. Midlane vert tildelt aktuelle barnehagar med bakgrunn i søknad og rammer.

Det er stort fokus på å fremja kvalitet og innhald i barnehagen sentralt og lokalt. Sentral kompetansesatsing går mellom anna til vidareutdanning av, og kompetanseheving for dei som alt arbeider i barnehagen. Kommunen søker om ulike sentrale midlar til kompetanseheving, etter- og vidareutdanning kvart år. I 2016 har Stord kommune fått om lag 0,3 mill.kr. til dette føremålet. Det er komme melding om at kompetansemidlane i 2017 mellom anna skal nyttast til å rusta barnehagane til å arbeida betre med å førebyggja, avdekka og handtera mobbing.

I august 2017 får barnehagane ny rammeplan. Den vil mellom anna ha tydelege føringar for korleis eigar, styrar, barnehagelærarar og andre tilsette skal sikra at alle barn får eit kvalitativt godt barnehagetilbod. Dei kommunale barnehagane deltek i ei kvalitetssatsing med fokus på den enkelte vaksne si utøving av rolle og oppgåver. Målet er eit profesjonelt lærande fellesskap.

Styrarane i barnehagane rapporterer om stadig aukande krav, oppgåver og forventningar, fleire yngre barn og høgt sjukefråvere. I forslag til budsjett for 2017 er det føreslått ei vidareføring av budsjett for 2016. Det er ikkje funne rom for ressursar til vikar.

I august 2015 vart talet på barnehageplassar i kommunen auka for å kunna tilby plass til barn med rett til slik plass. Dette med bakgrunn i prognose laga av SSB i 2013. Prognosen synte ein forventta auke i tal førskulebarn på 27 barn per år i perioden 2015–2020. Prognosen slo ikkje til, og talet på førskulebarn gjekk ned med 40 barn frå 2015 til 2016. Det er forventta ein vidare nedgang med sju barn frå 2016 til 2017. Monica og Maritas familiebarnehage og Villvettene friluftsbarnhage si avdeling Hystad avvikla drifta frå august 2016. Dette medførte ein reduksjon på 26 barnehageplassar i kommunen. Likevel har ein i dag ledige plassar, noko som i hovudsak skuldast nedgangen i barnetalet og at føresette vel å ha eittåringen heime og motta kontantstøtte. Med bakgrunn i forventta tal barn med rett til barnehageplass i 2017, foreslår rådmannen å la ei avdeling med 9 småbarnsplassar i Skogatufto barnehage stå ledig barnehageåret 2017/2018. Dette vil gje ei innsparing på 0,5 mill. kr.

Stortinget har vedteke fleire endringar i barnehagelova siste året som medfører konsekvensar og meirkostnader for kommunen. Dei største endringane

gjeld reglar for redusert foreldrebetaling og at barn med nedsett funksjons- evne har fått rett til individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet.

Kommunestyret vedtok i Kommunedelplan barnehage 2015–2025 at den neste barnehageutbygginga skal skje i oppvekstområdet Sagvåg/Litlabø, og at barnehagen skal stå ferdig i 2018. Prognose frå SSB 2016 syner no at kommunen ikkje treng fleire barnehageplassar før i 2022. Rådmannen føreslår difor at vidare utbygging vert sett på vent til nytt behov er utgreidd og har lagt inn 57,4 mill. kr. til ny barnehage i økonomiplanen i 2022. Ei utsettjing av nytt barnehagebygg i oppvekstområdet Sagvåg/Litlabø kan medføre behov for rehabilitering av Sagvåg og Litlabø barnehage då deira lokale er lite eigna til barnehagedrift. I den vidare utgreiinga meiner rådmannen at ein og skal vurdere om kapasiteten i Trodlaugen barnehage bør overførast til den nye barnehagen i Tjødnalio. Trodlaugen barnehage ligg på ei myr og bygget sig. Kommunen bør difor vurdere kor lenge ein kan driva barnehage der. Større barnehagar gjev også grunnlag for meir rasjonell drift.

Kommunestyret vedtok i PS 41/15 å rehabilitera og byggja på Skogatufto barnehage. Kostnad for prosjektet vart sett til 7,5 mill. kr, inklusive mva. Komité for oppvekst og utdanning rår kommunestyret til å auka kostnaden for prosjektet til 11,65 mill. kr inklusive mva.

I økonomiplanperioden er det lagt inn 0,5 mill. kr årleg til utstyr til fordeling i barnehagane.

### **Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar**

Kommunen gjev tilskot til drift av godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. I budsjettet for 2017 er det lagt inn netto 114,3 mill. kr til dette føremålet. Tilskotet er rekna ut tilsvarande 100 prosent av kostnadane per barn i kommunale barnehagar. Tilskotet er fastsett ut frå rekneskapstal for 2015 justert for løns- og prisvekst. I budsjett for 2017 har ein lagt til grunn talet på barn i private barnehagar i 2016, som er noko færre barn enn i 2015. Forslaget legg til grunn tildelte plassar på budsjetteringtidspunktet. Ein svakheit i år er likevel at dette føreset ledig kapasitet i private barnehagar, som har inntak fortløpande.

Maksimalprisen for foreldrebetaling vart i framlegg til statsbudsjett sett til kr. 2 730,- per måned frå 1.1.2017.



### 5.3.2 SKULE, SFO

#### Skulen sitt hovudmål

Stordskulen har som mål at alle elevar skal møta ein skule som legg til rette for og stimulerer til læring, meistring og utvikling. For at elevane sitt læringsutbyte skal verta størst mogleg må dei trivast, vera trygge og få opplæring tilpassa evnene og føresetnadane sine. Grunnleggjande dugleikar med fokus på lesing, skriving og rekning er utvalde fokusområde for heile grunnskulen i Stord, saman med «Vurdering for læring» og BTI (Betre tverrfagleg innsats for sårbare barn). Kommunen arbeider for ein mobbefri skule der alle skal visa kvarandre respekt og omtanke. Det er starta eit tverrfagleg arbeid i skule og barnehage for å utarbeida mål og strategiar for eit godt oppvekstmiljø for alle barn i Stord kommune.

#### Arbeid med kvalitet

Kommunen brukar dei digitale analyseverktøya PULS og VOKAL i arbeidet med å utvikla og kartlegga og kvalitetsutvikla elevane sitt læringsutbyte. I budsjett for 2017 er det lagt inn 0,2 mill. kr. til lisensutgifter til VOKAL, PULS og stafettloggen. Det siste er eit dataverktøy for å letta overgangen mellom tenestene i samband med tverrfagleg innsats (BTI).

#### Vidareutdanning og kompetanseheving for tilsette i skulen

For å styrka elevane si læring treng ein fagleg og pedagogisk sterke lærarar og kompetente og dyktige leiarar. «Kompetanse for kvalitet» er regjeringa sin strategi for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025. Dette skuleåret deltek 17 lærarar og tre skuleleiarar i Stord kommune på ulike vidareutdanningstilbod. Stord kommune mottar om lag 1,5 mill. kr. i tilskot frå staten til vidareutdanning for lærarar, kommunen bidreg med om lag 0,3 mill.kr. til føremålet.

Fire av barneskulane i Stord kommune er med i forskingsprosjektet «Two Teachers» i regi av Universitetet i Stavanger. Ein skal forska på om auka lærartettleik har innverknad på elevane sitt læringsutbyte. Desse skulane får tildelt forskingsmidlar og ressursar, tilsvarande 8 timar per veke, til ekstra lærarressurs i 1. klasse. Dei vil også få kompetanseheving ved å delta i dette forskingsprosjektet gjennom kurs og fagleg oppdatering.

### MÅLEKART SKULE

	Resultat			
	Mål 2017	2015/2016	2014/2015	Fylket 2016
Snitt nasjonale prøvar lesing 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>50	48	50	50
Snitt nasjonale prøvar lesing 8. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>50	50	48	49
Snitt nasjonale prøvar lesing 9. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>53	53	52	53
Snitt nasjonale prøvar rekning 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>50	48	48	50
Snitt nasjonale prøvar rekning 8. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>50	50	49	49
Snitt nasjonale prøvar rekning 9. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>53	53	53	53
Læringsmiljø: Vurdering for læring 7. Trinn	>4,0	3,9	3,8	3,9
Læringsmiljø: Vurdering for læring 10. Trinn	>3,3	3,1	3,0	3,2
Læringsmiljø: Mobbing 7. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	0	1,2	1,2	1,2
Læringsmiljø: Mobbing 10. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	0	1,2	1,3	1,2
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	>42	41	40,1	41,4
Elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same året som avslutta ungdomsskule (i prosent)	100	x	98,5	98,2

Frå 2015 har Utdanningsdirektoratet ei ny presentasjonsform på nasjonale prøvar med ny poengskala. Dette er lagt til grunn ved utarbeiding av mål for læringsresultat for grunnskulen i Stord kommune i 2016. Gjennomsnittlege grunnskulepoeng i Stord synte skuleåret 2015-16 god framgang.

## Symjeopplæring

Ressursen til symjeopplæring vert i budsjett for 2017 vidareført som i 2016, der ein tok utgangspunkt i kompetansemåla og vurderte at undervisninga til elevane burde ha eit omfang på 38 timar, dvs ½ time per klasse per utvalde årstrinn i 38 veker. Det er i budsjettet og lagt inn utgifter til transport.

Stord kommune fekk etter søknad til Fylkesmannen tildelt midlar til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i grunnskulen våren 2016. Også andre elevar som ikkje kan symja eller har hatt mogleik til å delta i symjeundervisning inngår i ordninga. Opplæringa er organisert i eit omfang av 2 timar i veka i 20 veker oktober 2016 til mars 2017.

## MOT

Ungdomsskulane i Stord kommune har hatt MOT som ein del av undervisninga for å styrka elevane sin sosiale kompetanse. Skulane har gjennom arbeidet med MOT fått kompetanse som dei kan nytta vidare, og er forplikta til å arbeida med elevane si sosiale og personlege utvikling i den ordinære opplæringa. Rådmannen føreslår likevel, som eit tiltak for å få budsjettet i balanse, å seia opp avtalen med MOT og arbeide vidare med dette innanfor ordinær opplæring. Det vil gje ei netto innsparing på 0,68 mill. kr.

## Få-delt Litlabø skule

Ut frå elevtalet er Litlabø skule føreslått tildelt ressursar som få-delt skule med seks klassar også frå hausten 2017. Elevtalet ved skulen er i vekst, men ein har elevtal på mellomtrinnet som tilseier ei få-delning.

## Ramme (elevressurs)

Budsjettforslaget legg til grunn eit delingstal på 28 elevar på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. For mellom anna å styrka opplæringa gjennom ulike tiltak, setja inn vikar og å finansiera spesialundervisning i lite til moderat omfang, får skulane tildelt eit kronebeløp per elev, den såkalla elevressursen. Det er ei aukande uro rundt handlingsrommet i skulen då elevressursen ofte ikkje dekkjer dei behova han er meint å dekkja. Rådmannen har ikkje funne rom for å justera elevressursen for prisstigning.

Stord kommune har fått tilført øyremerka midlar til å auka lærartettleiken på 1.-4. trinn. Formålet med ordninga er tidleg innsats og rådmannen har fordelt tilskotet ved å gi skulane ressursar til 2 timar ekstra med pedagog i veka i klassar med elevtal over 24.

Omfanget av spesialundervisning er i forslag til budsjett lagt inn med utgifter knytt til alle kjende vedtak av stort omfang per september 2016. Desse vedtaka sikrar at skular med elevar som har behov for full dekning av spesialpedagogisk hjelp, får tilført midlar for å løysa denne oppgåva. Det ligg ikkje inne reserver til moglege nye vedtak.

Det er i dag krav om at rektor, i tillegg til å driva administrasjon, også skal vera ein aktiv pedagogisk leiar av skulen. Dette krev tid, noko som er vanskeleg å finna innafor dagens administrasjonsressurs.

Stord kommune legg til grunn rundskriv «Særavtale om arbeidstid og ressursbestemmelser for skoleledere i grunnskolen» gjeldande frå 1.8.1998 ved utrekning av administrasjonsressursen til skulane. Tal på elevar, SFO og timar til spesialundervisning av stort omfang dannar grunnlaget for administrasjonsressursen som kvar skule får tildelt. Rådmannen har i budsjett for 2017 ikkje funne rom for å auka administrasjonsressursen til skulane og føreslår at den ligg på same nivå som i 2016. Som eksempel medfører dette i budsjett for 2017 at Langeland skule med sine 408 elevar får 1,69 prosent stilling til administrasjon, Litlabø skule med sine 92 elevar får 0,67 prosent og Stord Ungdomsskule med sine 320 elevar får 1,82 prosent stilling.

## Midlar til utstyr

Det ligg inne 1 mill. kr. til utstyr til skulane i 2017.

## Leigesatsar for utleige av skulebygg i helgar/overnatting

I utleigevedtektene frå 10.06.2015 er det ikkje teke høgde for langtidsutleige, t.d. i sommarferien. Rådmannen føreslår at for leige som strekkjer seg ut over ei veke bør leigesatsane reduserast med 20 prosent. Utleigesatsane er elles foreslått justert med 2,5 prosent.



## Nye skulebygg

Bygginga av Stord ungdomsskule er godt i gang. Elevane held til i mellom-belse lokale fram til den nye skulen står ferdig. Arbeidet går etter planen, og ein forventar at det nye bygget takast i bruk i januar 2018.

Kommunestyret handsama forstudie for ny Nysæter ungdomsskule og fleirbrukshall i mars 2016 og fatta slikt vedtak:

1. «Kommunestyret ber rådmannen utvida forstudien med ei nærare vurdering av å plassera ein større fleirbrukshall ved skulen, med vekt på arealbruk/-behov og kostnad. Ein eventuell større hall skal ikkje gå på kostnad av utearealet til elevane og totalkostnad for kommunen skal haldast innan rammene skissert i framlagt forstudie. Vurderinga skal gjerast i samråd med fleirbrukshallkomiteen.
2. Forstudien skal også inneha ei vurdering av driftskonsept, entrepriseform og energi/ miljøeffektive løysingar.»

Ny Nysæter ungdomsskule med fleirbrukshall ligg inne med kr. 200 mill. i 2019/20. Det er lagt opp til at kommunestyret skal handsama forstudien for ny ungdomsskule og fleirbrukshall med det første.

## SFO

Kommunestyret vedtok i 2015, i sak 18/15 Vurdering av sjølvkost i forhold til skulefritidsordninga, vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane. SFO skal etter desse drivast etter sjølvkostprinsippet. Vedtektene vart gjort gjeldande frå og med 1. august 2015 og definerer m.a. minimum vaksentett-leik. Foreldrebetalinga er for 2017 foreslått auka med 2,5 prosent. Ein full plass i SFO vil etter dette kosta kr 2 952 per månad.

## 5.3.3 VAKSENOPPLÆRINGA

Stord kommune skal i 2016 og 2017 busetja fleire flyktningar. Stord er vertskommune for eit ordinært mottak på Heiane med 160 plassar og eit mottak for einslege mindreårige med 52 plasser på Litlabø. Vaksenopplæringa gir tilbod til alle som gjennom introduksjonslova har rett til opplæring i norsk og samfunnsfag og til dei som etter same lovverk har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet. Vaksenopplæringa gir også tilbod til vaksne som gjennom opplæringslova har rett til grunnskuleopplæring og realkompetansevurdering, samt tilpassa tilbod til arbeidsinnvandrarar.

Realkompetansevurderinga omhandlar kartlegging av den vaksne sin kompetanse samanlikna med kompetansemål for å finna ut kva opplæring vedkommande treng. Kommunen har ansvaret for at realkompetansevurderinga blir gjennomført, at det blir fatta vedtak og utferdiga kompetansebevis.

Talet på tilsette ved Vaksenopplæringa har i 2016 auka med 2 stillingar i samband med auka behov for vaksenopplæring på grunnskulen sitt område og personar med rett til realkompetansevurdering. Stillingane er vidareført i budsjett for 2017.

Vaksenopplæringa er organisert som ei eiga eining frå og 1. desember 2016. Ut frå rådmannen sin vurdering vil dette styrka den faglege og administrative drifta av Vaksenopplæringa og bidra til at rektor ved Stord ungdomsskule fullt ut kan konsentrera seg om drift og utvikling på skulen.

Vaksenopplæringa har 18 tilsette og 227 deltakarar. Talet på deltakarar i vaksenopplæringa varierer, men dei seinare åra har ein hatt over 200 deltakarar.

Vaksenopplæringa har tilbod til ulike grupper. Nokre betaler for opplæringa sjølv medan ein for andre får statlege tilskot.inntektene kan variere mykje, i budsjett for 2017 har ein lagt inn ei forventa inntekt på 8 mill.kr. mot 6,9 mill. kr. i budsjett for 2016.



### 5.3.4 KULTURSKULEN

#### MÅLEKART KULTURSKULE

	Resultat prosent (SSB konsern)				
	Mål 2017	Stord 2015	Stord 2014	Grp 8 2015	Landet 2015
<b>Del elever i grunnskulealder i kommunens musikk- og kulturskule, av tall barn i grunnskulealder</b>	>25,0	20,6	19,7	15,1	14,3
<b>Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular, per innbyggjar 6-15 år</b>	2 723	2 713	2 693	2 318	2 322
<b>Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular, i prosent av samla netto driftsutgifter</b>	0,8	0,8	0,8	0,5	0,5
<b>Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular, per brukar</b>	16 695	16 695	16 400	15 814	17 757

*Stord kommune har god dekning i kulturskulen samanlikna både med landet og Kostra gruppe 8. Tala syner at Stord kommune har satsa på å byggja ut kulturskulen og at ein driv effektivt.*

Stord kulturskule har som visjon å vera eit synleg og aktivt kunstfagleg ressurscenter i Stord kommune. Kulturskuletilbodet har høg fagleg pedagogisk kvalitet og representerer ei vesentleg fordjuping utover det obligatoriske skuleverket. Budsjettet for 2017 syner ei lita auke i inntektene til kulturskulen. Det er budsjettert med ei auke på 2,5 prosent på brukarbetaling og sal av dirigenttenester m.m. Vidare er det lagt inn inntekter på kr 65 000.– frå fond. Det er ikkje lagt inn endringar i moderasjonsordninga. Rådmannen har og føreslått å redusere med ein stilling, dette som eit tiltak for å balansera budsjettet. I budsjett for 2017 vil dette gje ei innsparing på 0,65 mill. kr. Rådmannen har i sitt forslag til budsjett lagt inn 0,2 mill. kr til investeringar i utstyr m.m. i 2017.

Elevtalet i kulturskulen har dei siste åra vore stabilt, og ligg på i overkant av 600 elevar, til saman har desse elevane over 800 elevplassar (ein del elevar har fleire plassar). Grunna omlegging av distrikts-musikarstillingar til undervisningsstillingar var det ei forventa auke på om lag 120 nye elevplassar i løp av 2017. Budsjettforslaget legg no opp til om lag 50 nye elevplasser.

### 5.3.5 FØREBYGGJANDE TENESTER

Driftstyret vedtok i PS 6/16 å reorganisera eining for Sosial- og førebyggjande tenester (SOFT) og etablera Eining for førebyggjande tenester. Den nye eininga skal omfatte helsestasjon-, jordmor- og skulehelseteneste, pedagogisk- psykologisk- teneste (PPT), logoped teneste, spesialpedagogisk team, Utekontakt og samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT). Endringa vart gjort gjeldande frå 1.10.2016.

«Betre Tverrfagleg Innsats» og psykisk helse er utviklingsområde SOFT jobba med og som Førebyggjande tenester no skal jobba vidare med. Dette involverer alle tenestene for barn og unge. Psykiske vanskar og lidningar hjå barn og unge kan føra til manglande trivsel, lærevanskar og funksjonsvanskar i heim og skule. På nasjonalt nivå reknar ein at 15–20 prosent av barn mellom 3 og 18 år til ei kvar tid har nedsett funksjon pga. symptom på psykiske lidningar. Samhandlingsreforma legg til grunn at kommunar skal ha eit tilbod til barn og unge med lettare og moderate vanskar.

PPT skal bistå barnehagar og skular med organisasjons- og kompetanseutvikling for barn med særskilde behov, samt gjera sakkyndige vurderingar når det er uro rundt barns læringsutbyte og/eller utvikling. Barn med språkvanskar kan ha rett på logoped. Kommunen har tidlegare kjøpt logoped tenester eksternt, men etter at ein tilsett no er tilbake frå permisjon har ein på plass kommunelogoped.

I budsjett for 2016 bad kommunestyret om at det vert tilsett helsesøster i inn-til 100 prosent stilling for å ta seg av ekstra arbeid i samband med flyktningsituasjonen. Stillinga skulle dekkjast innanfor løyvingane til flyktnings- og vidareførast i kommunen etter at flyktningsituasjonen var normalisert. Det er tilsett helsesøster i 100 prosent, stillinga er vidareført i budsjett for 2017 og medfører ein auke på 0,68 mill. kr.

Stord kommune har SLT-modellen med SLT-koordinator for å samordna lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak. Tilbodet er foreslått avvika som eit tiltak for å balansera budsjettet. I budsjett for 2017 vil dette gje ei innsparing på 1 mill. kr.

Eit rusførebyggjande tiltak har vore bruk av Ungdomskontraktar. KRÅD (Det kriminalitets-førebyggjande råd) har bidrege med økonomisk støtte til dette. Denne støtta har falle bort og rådmannen foreslår at ein vidarefører dette arbeidet innanfor eksisterande budsjett og i eit samarbeid mellom Utekontakten og MARIS.



### 5.3.6 BARNEVERN

Handsaming av undersøkingar i barnevernet skal berre unntaksvis ta meir enn 3 månader, og ikkje over 6 månader. I tillegg skal alle barn med tiltak i barnevernet skal ha tiltaksplan.

Rett hjelp til rett tid og på rett stad er eit viktig mål for tenesta. Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og sikra at dei som lever under tilhøve som kan skade helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg. Brukarmedverknad, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling er særlege fokusområde. I tillegg må tenesta syta for at barn som må flyttast ut av heimen får naudsynt hjelp og støtte.

Meir effektiv sakshandsaming og utarbeiding av individuelle planar, samt betre systematisk oppfølging av barn i fosterheimar, er viktige mål for barnevernet. Omsynet til dei aktuelle barna, lovkrav, utvikling i tal meldingar, undersøkingar og tiltak aktualiserer desse måla.

Det har over tid vore ei målsetting at barn om mogeleg skal få hjelp i eigen familie. Barnevernet ynskjer å utvikla tilbod som byggjer på metodisk rettleiing som skal bidra til å styrka føresette si omsorgsevne.

Barnevernet har delteke i det kommunale prosjekt Betre tverrfagleg innsats (BTI) som mellom anna har som mål å bruka kommunen sine samla ressursar meir koordinert og heilskapleg i høve tilbod til utsette barn og familiar.

Stord kommune starta hausten 2014 med internrevisjon av barneverntenesta som har gått gjennom oppfylling av lovkrav, rutinar og internkontroll. Tenesta har og etablert system for opplæring av tilsette og for budsjettoppfølging og kontroll. Tenesta har gjort organisatorsike endringar for å sikre betre flyt og at saker ikkje «stoppar opp». Deloitte gjennomførte parallelt med kommunen sin internrevisjon ein forvaltningsrevisjon av tenesta. Det er laga ein prioritert handlingsplan som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å, følgja opp tilrådingane. Det vart sett opp plan for fast risikovurdering og ein vil i løpet av november 2016 gjennomføra ei brukarundersøking.

### MÅLEKART BARNEVERN

	Resultat					
	Mål 2017	Stord 2015	Stord 2014	Stord 2013	Grp.8 2015	Landet 2015
<b>Del undersøkingar m/handsamingstid over 3 mnd</b>	<20	26	32	21,8	15	17
<b>Del barn med tiltak per 31.12 med utarbeida plan</b>	>100	81	75	69		86
<b>Stillingar med fagutdanning, per barn 0-17 år</b>	>3,1	3,1	2,7	2,9	3,8	4,3

Barneverntenesta skal delta i KS sitt effektiviseringsnettverket med fokus på utvikling av framtidens barnevern. Som ein del av det å delta i effektiviseringsnettverket vil ein og gjennomføra ein tenesteanalyse som mellom anna handlar om kapasitet.

I budsjett for 2016 fekk barnevernet ei styrking på 4,5 mill. kr. Prognosen for 2016, 2.tertial, syner likevel eit negativt avvik på om lag 1,4 mill. kr. Budsjettet for 2017 byggjer på same aktivitetsnivå som i 2016, og omfanget av tiltak er lagt inn med utgifter knytt til kjende vedtak per september 2016. Det ligg ikkje inne ressursar til moglege nye vedtak.



## 5.4 Komité for næring, miljø og kultur

Det er foreslått i om lag 1,8 mill. kr i tilskot/driftsstøtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. i 2017 slik:

- Sunnhordland museum kr 610 000
- Friluftsrådet vest kr 320 000
- Stord sogelag kr 10 000
- Sunnhordland kammerorkester kr 25 000
- Falturiltu barnebokfestival kr 100 000
- Gards- og ættesoge kr 75 000
- Arrangementet 100 dagar kr 25 000

Det er forslag om at Komité for næring, miljø og kultur i tillegg får fullmakt til å disponera kr 250 000 til kulturføremål. Løyvinga på kr 400 000 til frivillige lag og organisasjonar er ikkje vidareført i budsjettframlegget. Det ligg heller ikkje inne tilskot til Tour des Fjords.

### 5.4.1 KULTURTENESTER

I følgje statistisk sentralbyrå brukte Stord kommune i 2015 2,8 % av kommunen sine totale netto driftsutgifter på kultur. Nabokommunar som t.d. Haugesund brukte 4,3 %, Tysvær 4,1 og Os 3,6. Det er ikkje funne rom til auke i budsjettet. Drifta vil difor vera på om lag same nivå som før med unnatak av budsjett for tilrettelagt fritid (tidlegare støttekontaktar) som er redusert med kr 160 000. Dette føreset at ein må halde fram arbeidet med å organisere tenesta i grupper. Det er enno uvisst om ny høgsterettsdom (som gjeld tilsetjingstilhøve/oppdragsavtalar) for avlastning og støttekontakt vil få konsekvensar for drift og økonomi.

Kulturmidlar til lag og organisasjonar er lagt til komité for næring og er vidareført med kr. 250 000. Kommunestyret gjorde i sak 62/15 den 26.11.2015 vedtak om å styrke tilskot til frivillige lag og organisasjonar med kr 400 000. Rådmannen har i budsjettforslaget ikkje funne rom for å vidareføre denne løyvina.

Det lagt inn kr 100 000 til arbeidet med å revidera Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø og kr 200 000 til Stord idrettslag, jf. budsjettvedtaket for 2016. Rådmannen gjer framlegg om å vidareføre kommunen si løyving til Sunnhordland museum i 2017 med kr 610 000 som i år.

Stiftinga Stord Frivilligsentral vil i samsvar med politisk vedtak verta avvikla i 2016. Sentralen vil etter dette vera i kommunal drift. I 2017 vil tilskotsmidlane til frivilligsentralar bli lagt inn i den enkelte kommune sitt rammetilskot.

Hausten 2016 blei det tilsett fritidskoordinator i 80 % stilling i prosjektet «fleire med», eit prosjekt initiert av Folkehelsekoordinatoren/folkehelseforum. Stord kommune har fått tilskot til ei prosjektstilling som skal arbeida med å førebyggja og redusera barnefattigdom i kommunen. Tilskotet er gitt for tre år, med atterhald om at Stortinget løyver midlar til føremålet over statsbudsjettet. Fritidsaktivitetar er ein viktig arena for å motverka sosiale skilnader. Stillinga er organisert i eininga Kulturtenester og lokalisert i lag med Frivilligsentralen.

Flygelet i Kulturhuset vart øydelagt i mai 2012. Stord musikkråd nemnte opp ei prosjektgruppe som skulle vera pådrivar for å få nytt konsertflygel. Målet var at ein skulle få inn 50 prosent av kostnadane til eit konsertflygel. I lag med pengane som var sett av til investering og oppgradering av utstyr i Kulturhuset for 2016 kunne difor eit slikt kjøp realiserast med 50–50 % deling av kjøpesummen. Eit Steinway D-274 flygel skal veljast ut av pianisten Leif Ove Andnes i Hamburg 21. oktober 2016. Flygelet skal stå på fabrikk til det får ein trygg stad oppbevaringsstad. Det er sett av kr 1,5 mill. på investeringsbudsjettet til å lage ein såkalla flygelgarasje. Det har vore ønskje å oppgradera kinosalen med tanke på akustikk, men dette har ein ikkje funne rom for.

Det vert i 2016 laga ny lendinsplass på Fyrøya. Arbeidet er finansiert av tiltaksmidlar. Ut over dette er det ikkje lagt inn midlar til vidare oppgradering av Leirvik fyrstasjon.

Komité for næring, miljø og kultur bad i PS 37/09 om at det vart sett i gang eit arbeid med busetnadssoge for Stord. Rådmannen har heller ikkje funne rom for prosjektet i komande års budsjett, ut over den «faste» løyvinga på kr. 75 000. Bokverket er kostnadsrekna til rundt 10 mill. kr. (til frådrag kjem inntekter frå boksal). Lokalhistorisk prosjektgruppe planlegg hausten 2016 dialogmøte med representantar frå ulike fagmiljø. Møtet vil danna starten for ei utgreiing som skal leggjast fram til politisk handsaming.

Budsjettet til Stord kommunale kino blir ført på eige ansvar. For 2017 er kinoen budsjettert med eit overskot på om lag kr. 280 000.



### 5.4.2 IDRETT OG FRILUFTSLIV

Komit  for n ring, milj  og kultur (NMK) vedtok i 2015 rehabiliteringsplan for n rmilj anlegg i Stord kommune 2015–2025. I forslag til  konomiplan er det fr  2017 og kvart  r resten av  konomiplanperioden lagt inn kr. 0,5 mill. til ballplassar/n rmilj anlegg. Det er i tillegg i perioden lagt inn til saman kr. 2,55 mill. til friluftsaREAL og turstiar.

Tilstanden p  Rackethallen er vurdert i samband med skader p  tak i rapport fr  Procon AS i 2013. Rapporten konkluderer med at det med ei minimumsl sning (mellombels forsterking av tak), vil ein med systematisk oppf lging og bruksrestriksjonar ved uv r kunne rekne med ei restlevetid p  inntil tre  r. Ei slik minimumsl sning vart gjennomf rt i 2013, for levetid ut over dette m  det gjerast st rre investeringar, eventuelt byggjast ny hall. Jamlege kontrollar har likevel ikkje avdekkat situasjonen for bygget er kritisk. Ved mykje vind og stort sn fall vert hallen stengt for bruk. Stord vidareg ande skule er ein stor brukar av hallen. Kommunen har vore i kontakt med Hordaland fylkeskommune for eit eventuelt samarbeid om nybygg/rehabilitering. Fylket vil ikkje ta stilling til dette f r dei har rullert skulebruksplanen for det vidareg ande skuleverket. Endeleg avklaring fr  fylkeskommunen er ikkje venta   liggja f re f r i desember 2016. Stord kommune b r avvente   ta stilling til sp rsm let f r slik avklaring ligg f re. Det er i budsjettforslaget lagt inn kr. 13 mill. i 2018. Kostnadar til riving av eksisterande hall og bygging av ny rackethall er estimert til rundt kr. 41,0 mill.

I forslaget til  konomiplan 2017–2020 ligg det inne samla kr. 4,0 mill. til oppf lging av rehabiliteringsplanen for idrettshallane p  Vikahaugane. Rehabilitering av kunstgrasbanen p  Hystad skule er f rt opp med kr. 3,0 mill. i 2020. Ein f reset at prosjektet f r kr. 400 000 i spelemidlar.

Kommunestyret handsama forstudie for ny Nys ter ungdomsskule og fleirbrukshall i mars 2016 og fatta slikt vedtak:

1. «Kommunestyret ber r dmannen utvida forstudien med ei n rare vurdering av   plassera ein st rre fleirbrukshall ved skulen, med vekt p  arealbruk/-behov og kostnad. Ein eventuell st rre hall skal ikkje g  p  kostnad av utearealet til elevane og totalkostnad for kommunen skal haldast innan rammene skissert i framlagt forstudie. Vurderinga skal gjerast i samr d med fleirbrukshallkomiteen.
2. Forstudien skal ogs  inneha ei vurdering av driftskonsept, entrepriseform og energi / milj effektive l ysingar.»

Ny Nys ter ungdomsskule med fleirbrukshall ligg inne med kr. 200 mill. i 2019/20. Det er lagt opp til at kommunestyret skal ta stilling til sp rsm let om storleik p  idrettshallen i eiga sak om forstudie for skule og fleirbrukshall.

### 5.4.3 BIBLIOTEK

#### BIBLIOTEK

	Resultat 2015			
	Mål 2017	Stord	Grp. 8	Landet
Utlån alle medium frå folkebibliotek per innbyggjar	3,5	2,4	4,1	4,4
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	3,5	1,9	4,3	4,6

Utlånstal og besøk må sjåast i samanheng med opningstid, personal- og medieressurs. Stord har etter KOSTRA for 2015 kr. 177 til medie- og lønsutgifter til folkebibliotek pr. innbyggjar. Gjennomsnittet for andre kommunar i Stord si KOSTRA-gruppe er kr. 212.

Den vanlege bibliotekdrifta vert vidareført på om lag same nivå som i 2016. Hovudbiblioteket sine lokale gjennomgår i 2016 modernisering og oppgradering ved bruk av tiltaksmidlar frå staten.

Særlege innsatsområde for biblioteket i 2017 vil vera bibliotekverksemda for barn og ungdom og vidare utvikling av biblioteket som møteplass og debattarena. Biblioteksamarbeidet med Fitjar og dei andre folkebiblioteka i Sunnhordland er elles viktig for fagleg utvikling og felles ressursutnytting. Biblioteket nyttar heimeside og facebook for informasjon og som tilbod om bruk av interaktive tenester. Biblioteket vil nytte meir tid og ressursar på dette i 2017. Det er elles lagt opp til fornying av utstyr og media med kr. 200 000 kvart år i økonomiplanperioden.



## 5.4.4 BRANN, REDNING OG FEIING

### MÅLEKART BRANN, REDNING OG FEIING

	Mål 2017	Resultat		
		2015	2014	2013
Bustadbrannar	0	8	5	7
Tilsyn §13	130*	130	110	99
Feiing bustader	1571*	2513	3500	2274
Tilsyn bustader	1805*	2435	522	592

\* Sjå tekst under vedr. ny førebyggjande forskrift som krev risikovurdering av alle bygg

Budsjettet er vidareført på om lag same nivå som budsjett for 2016. Det ligg dessverre an til eit aukande tal utrykkingar i 2016 i høve tidlegare år, men ein legg ikkje dette til grunn for budsjett 2017.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap krev høg kompetanse på personell. Det pågår framleis utdanning av befall, utrykkingsleiarar og mannskap.

Nytt naudnett er etablert og teke i bruk. Dette har heva tryggleiken og kvaliteten, men har også auka kostnadene for kommunen.

Ny førebyggjande forskrift er innført og gir utfordringar for alle landets kommunar i tida som kjem. Det skal gjennomførast risikovurderingar av alle bygg (inkl. bustader), og ny plan for gjennomføring av feiing og tilsyn må leggjast i samsvar med denne risikovurderinga. Nytt er at også alle fritidsbustader er omfatta av forskrifta (om lag 300 i Stord). Dette omfattande kartleggingsarbeidet er ein i gang med, og arbeidet vert gjort i samarbeid med KOM-Tek (Norkart) som gjennomfører eit pilotprosjekt på dette i Stord kommune. Stord brann og redning vil kome tilbake med eiga sak om dette, der også avgiftsnivå for tilsyn/ feiing (også i fritidsbustader) vert fastsett. Det vert likevel i denne omgangen lagt opp til ein auke i satsane på 4,9 prosent for å dekke inn tidlegare underskot.

Stord brann og redning gjennomfører alt førebyggjande arbeid i Fitjar kommune etter avtale med 500 stk. feiing og 250 stk. tilsyn kvart år.

Det ligg inne kr 0,5 mill. kvart år til fornying og vedlikehald av utstyr i planperioden. Dagkasertering av mannskap og ombygging til dette ligg inne for iverksetjing i 2019.

## 5.4.5 BEREDSKAP

Kommunane skal vera i stand til å halda oppe viktige samfunnsfunksjonar og ta vare på folk sine liv og grunnleggjande behov under ulike former for påkjenning. Forskrift om kommunal beredskapsplikt stiller krav om heilskapleg og samordna planlegging. Stord kommune skal halda fram arbeidet med å førebyggja kriser og svikt i viktige samfunnsfunksjonar. I tillegg må ein ha ein organisasjon som kan redusere konsekvensane i ein krisesituasjon.

Beredskapsplan for administrasjonen er rullert med grunnlag i overordna ROS-analyse for Stord og Fitjar. Planen er grunnlag for revidering av planverk i dei kommunale einingane i 2017 og samordning med aktuelle aktørar som ikkje er del av organisasjonen.

Psykososialt kriseteam er organisert og fungerer, men utan at desse inngår i ei vaktordning. Dette gjeld og den sentrale kriseleiinga, noko som gjer kommunen sårbar ved hendingar utanom arbeidstid. Det vert arbeidd med plan for evakuerte og pårørandesenter i høve ulike hendingar, men det er ikkje sett av midlar til dette i 2017.

Beredskapsfondet som i si tid vart oppretta med tanke på å kunne ta høgde for variasjonar i alt frå ulukker og brannar til snøbrøyting/strøing, flaum o.l., er ikkje vidareført, trass i signal om at kommunal beredskap må rekna med nye og auka utfordringar i framtida.

Nytt naudnett er teke i bruk. Dette har gitt ei kvalitetsheving teknisk og i dekningsgrad, men òg auka kostnader for kommunane.

#### 5.4.6 LANDBRUK, MILJØ OG NÆRING

Stord-Fitjar landbruk- og miljøkontor (SFLMK) er vidareført på same nivå som i 2016. Gebyr for havbrukssaker er auka med 2,5 prosent, dei andre satsane er makssatsar nedfelt i forskrift og er uendra frå 2016.

Rådmannen vil kome tilbake med ei sak til kommunestyret der ein vurderer samarbeidsavtalen om Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor. Initiativet er økonomisk motivert, men føreset at ein framleis vil kunne yte lovpålagte tenester.

Det er for 2017 føreslege å fordela 1,5 mill. kr til diverse samarbeidstiltak og næringsføremål slik:

- Hordaland olje og gass, driftstilskot kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot kr 30 000
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland kr 613 400
- Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga kr 228 100
- Medlemskontingent Stord næringsråd kr 30 000
- Atheno AS, Maritim industriinkubator kr 150 000
- Atheno AS, Ungt entreprenørskap kr 65 000
- Kjøp av førstelinetenester for næringsetabl. kr 200 000

Det er i tillegg forslag om at Komité for næring, miljø og kultur får fullmakt til å disponera kr 100 000 til næringsføremål.

Kommunen har avtalar med Atheno AS og Samarbeidsrådet for Sunnhordland om kjøp av førstelinetenester for næringsetablerarar etter medgått tid. Løyvinga er redusert med kr 50 000 i høve 2016. Opplegget med turistinformasjonsteneste i rådhuset og i kulturhuset vil bli vidareført. Reiselivssatsinga i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland vert vidareført med tilskot tilsvarande kr. 12 per innbyggjar.

Etter innspel frå Komité for næring, miljø og kultur har rådmannen vurdert om tilskot til julegatebelysning i Leirvik sentrum og Sagvåg sentrum skal leggjast inn i budsjettet. Ein har også vurdert om tilskot bør gjevast til Heiane Storsenter og Amfi. Rådmannen meiner det er skilnad på å gi stønad til sentrumsforeiningar til miljøskapande tiltak i sentrumsområde og det å støtta reine næringsføretak. Rådmannen har ikkje lagt tilskot til julegatene inn i budsjettet, men lagt til grunn at komiteen kan prioritere dette innanfor sine løyvingpostar.

NMK vedtok i sak PS 7/16 å miljøsertifisere Rådhuset og alle kommunale einingar. Det er lagt inn løyvingar i budsjettet i tråd med framdriftsplan (kr. 126 000 i 2017).

#### 5.4.7 SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS

Stord kommune har ikkje motteke søknad frå Sunnhordland lufthamn AS om driftsstøtte for 2017. kommunestyret vedtok 26. mai 2016 følgjande:

«Stord kommunestyre løyver eit tilskot på kr 395 000 til flyoperatøren Danish Air Transport AS til drift av flyruta Oslo–Stord. Løyvinga utgjør 79 prosent av omsøkt sum kr 500 000. Kommunestyret legg til grunn at Hordaland fylkeskommune løyver ein sum tilsvarande sin aksjedel i selskapet (21 prosent). (...) Kommunestyret er innstilt på å følgja opp med ei tilsvarande løyving i november inneverande år.»

Hordaland fylkesutval løyvde kr 210 000 til DAT i september 2016. Lufthamnsjefen skriv 3. oktober 2016 «Vi føreset at Stord kommune utbetalar andre del av tilskotet til DAT i 2017». Budsjettforslaget tek ikkje høgde for ei slik løyving.



## 5.4.8 REGULERING, BYGGJESAK, OPPMÅLING

### REGULERING, BYGGESAK OG OPPMÅLING

	Resultat				
	Mål 2017	Stord 2015	Stord 2014	Hord. 2015	Landet 2015
Gj.snitt sakshands. tid for priv. forslag til detaljreg. (kalenderdagar)	200	0	160	318	233
Sakshandsamingstid oppretting av grunneigedom (dagar)	40	39	64	45	51
Gj.snitt sakshandsamingstid for byggesaker med 12 vekers frist	60	71	70	45	38
Gj.snitt sakshandsamingstid for byggesaker med 3 vekers frist	15	15	20	17	18

Sakshandsamingstid er gjennomsnittstid for alle handsama saker målt i dagar.

Måltal-tabellen er for 2017 er endra i høve til tidlegare år pga. endring i kostra-rapporteringa. Måltal for gjennomsnittleg handsamingstid er sett lågare enn tidlegare år, og godt innanfor lovpålagte tidsfristar. Måлтаlet på sakshandsaming reguleringsplan er redusert dei siste åra. Måлтаlet er ambisiøst, men vert vurdert viktig med omsyn på dei private planfremjarane og næringslivet.

Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida for alle typar saker vil vere eit resultat av talet på saker, type saker, kvaliteten på søknadane og sakshandsamingsskapasiteten. Det er framleis mange søknader med feil og manglar som dreg den gjennomsnittlege handsamingstida opp. Kapasiteten på byggesak og oppmåling er no god, og det er venta effekt av dette også på krevjande byggesaker.

Sjølvkostprinsippet vart innført f.o.m. 2013. Det vert framleis arbeidd med korreksjonar i høve til kor stor del av arbeidet som kan gebyrfinansierast. Store arbeidsoppgåver vert i dag ikkje dekkja av sjølvkost, som t.d. deler av matrikkelføring, seksjonering, kartarbeid, handsaming av reguleringsplanar frå t.d. vegvesenet, m.v. Innanfor plan ligg eininga på eit kritisk lågt ressursnivå, medan ein på oppmåling har kapasitet til å selgje tenester. Dette vert det arbeidd med, og det er lagt inn eit ekstraordinært sal av tenester i budsjettet på kr. 750 000.

Det er alltid ein usikkerheit knytt til gebyrinntektene då dei er avhengige av byggeaktiviteten, talet på saker og type saker. Slik er eininga svært avhengig av marknadssituasjonen. Estimerte gebyrinntekter er justert ned på budsjett for 2017. Det er ikkje framlegg om å auke gebyra.

Planavdelinga samarbeider tett med kommuneplanleggjaren. Rådmannen ynskjer at det meste av overordna kommuneplanlegging skal gjerast internt i organisasjonen då dette er av stor betydning for vidare forvaltning etter planane, samt har betydning for å kunne ivareta eit godt fagmiljø med naudsynt kompetanse innanfor kart- og planarbeid. Det er likevel kommuneplanleggjaren som disponerer midlane avsett i budsjettet, og ein kan i prinsippet velje å kjøpe inn tenester frå konsulentar, eller kjøpe tenester internt frå RBO. Dette vil vere avhengig av ressurs- og økonomisituasjonen totalt sett.

#### 5.4.9 STORD KOMMUNALE EIGEDOM

Framlegg til driftsbudsjett for 2017 er ei vidareføring av budsjettet for 2016, men utan at generell prisvekst er lagt inn. Vedlikehaldsbudsjettet er vidare teke ned med 2,5 mill., noko ein meiner er forsvarleg då Stord kommune får 13,268 mill. kroner i ekstraordinært vedlikehaldstilskot over statsbudsjettet øyremerkta til vedlikehald og rehabilitering. Dette tilskotet kan også bli auka då staten venter med fordeling av ein del av løyvinga tilsvarande 250 mill. kroner til etter årsskiftet, basert på faktisk utvikling i arbeidsløysa. Det vil bli lagt fram ei eiga sak med framlegg til prioritering av tiltak som kan finansierast med desse midlane.

Budsjettet for 2017 legg opp til framleis utleige av driftsoperatørar til investeringsprosjekt. Med bakgrunn i dette ser ein at bemanninga for driftsoperatørane er på eit minimumsnivå som er svært sårbart med omsyn på ferieavvikling og sjukdom. Etter overtaking av Vikahaugane Sportssenter har SKE innført byggvakt på kommunale bygg i helgene (frå fredag kl. 1500 til måndag kl. 0600) frå 2017. Ordninga vert finansiert innanfor budsjettramme. Det er drifta av skeisebanen som tvingar ordninga fram, men den vil kome alle kommunale bygg til gode. Rehabiliteringsplanen er følgt opp med 1 mill. kr i 2017.

Det er løyvd fem mill. til investering i enøk, innemiljø, brannsikring og HMT-tiltak på kommunale bygg. Det vert lagt opp til å i tillegg løyva 2,5 mill. til føremålet over tiltakspakken.

Tiltak på ventilasjon og brannsikring er naudsynt å gjennomføre på rådhuset for å få bygget i forskriftsmessig stand m.o.t. brannførebygging og arbeidsmiljø. Det ligg inne ei løyving på 9 mill. i 2018.



#### 5.4.10 STORD KOMMUNALTEKNIKK (SKT)

Fagområdet for veg, trafikk og parkering vart med verknad frå 01.05.2016 lagt saman med Stord vatn og avlaup til ny eining Stord kommunalteknikk.

##### VAR – vatn og avlaup

Ein har budsjettert med null auke i gebyr på VAR-områda i 2017. Driftsutgiftene for vatn og avlaup er vidareført med om lag same nivå som i 2016. Gebyra på slamordninga er sett ned med 22 prosent i 2017 av di ein nyttar meir av sjølvkostfond.

Investeringane innanfor dei gebyrfinansierte tenestene vassforsyning og avlaup, er i stor grad tufta på tiltaksprogrammet i hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avlaup. Tiltak i desse planane er styrande for prioritert utbygging av vatn og avlaupsanlegg i Stord kommune, og er viktige styringsdokument for samfunnsutviklinga i kommunen. Kommunedelplanane for vassforsyning og avløp vart slutthandsama i kommunestyret i februar 2015. Oppstart med kommunedelplan overvatn var opphavelag planlagt i 2016, men har av ulike årsaker blitt usett. Arbeidet vert føresett starta opp i 2017 i samsvar med framlagt planstrategi.

I investeringsbudsjettet er det sett av ei ramme for kvart område for gjennomføring av samarbeidsprosjekt med lokale utbyggjarar i kommunen og andre aktørar som til dømes Statens Vegvesen og Haugaland kraftlag. Samarbeidsprosjekta er rasjonelle og kostnadsreducerande prosessar som gir positiv effekt for dei involverte.

Ein har budsjettert med investeringar for kr 81,45 mill. på vass-sektoren og kr 84,3 mill på avlaupssektoren i 2017. Kommunedelplanane innanfor VA-sektoren og økonomiplanen viser at kommunen er i gang med eit omfattande investeringsprogram. Dette vil medføre auke i avgiftene f.o.m. 2018.

#### EIGEDOMSGEBYR 2017 (EKS MVA)

		2016	2017	Auke kr
<b>Vassavgift</b>	Årsavgift vanleg bustad	3 583	3 583	0
	Tilknytingsavgift	15 000	15 000	0
<b>Avløpsavgift</b>	Årsavgift vanleg bustad	3 739	3 739	0
	Tilknytingsavgift	15 000	15 000	0
<b>Renovasjon</b>	Standard løysing SIM	1 868	1 868	0

Prognose for årleg gebyrendring f.o.m. 2018 ser førebels slik ut:

#### ÅRLEG GEBYRENDRING FRÅ ÅRET FØR (FØREBELS PROGNOSE)

	2018	2019	2020
<b>Vassavgift</b>	12,4 %	19,6 %	4,3 %
<b>Avløpsavgift</b>	21,4 %	26,4 %	26,5 %

### **Fagavdeling for veg, trafikk og parkering (VTP)**

Driftsbudsjettet er særst nøkternt sett opp. Sett opp mot kostnadsdelen i 2016-budsjett er dei samla kostnadene redusert med 2 prosent eller kr 245 000. Spesielt er det redusert på veglyskostnadene med om lag kr 450 000 (reduksjon på 26 prosent), grunna avslutting av fastprisavtalar og overgang til kjøp i spotmarknaden.

Budsjetterte inntekter for avgiftsparkering er justert opp med kr 300 000 (auke på 60 prosent) som også er i samsvar med rekneskapen for 2016. Vinterdriftbudsjettet på (kr 1,27 mill.) er alltid marginalt I fall det blir ein snørik vinter.

Investeringsbudsjettet føl opp Hovudplan veg. Kommunestyret vedtok i sak PS 20/14 at planen skal følgjast opp med ei investeringsramme for asfaltering på 4,8 mill. kr.(eks.mva.) per år. Rådmannen legg til grunn at 2 mill. av løyvinga kan finansierast over den kommunale krisepakken. Vegforvaltninga sett opp ein prioriteringsplan som del av detaljbudsjettet for NMK.

Det er lagt inn kr 1,5 mill. til oppfølging av Kommunedelplan Trafikksikring. Vegforvaltninga sett opp ein prioriteringsplan for desse tiltaka innan 31.12.2016. Det er vidare føreslått kr. 4,0 mill. til samarbeidsprosjekt i 2017, der deler av Kårevikvegen (fortau) og Bjellandsvegen (rehabilitering) ligg prioritert med i alt kr 1 mill. Resten vil bli styrt mot ny veg til Grunnvågen. Endeleg kostnadsramme for dette tiltaket vil bli sett opp i samanheng med detaljprosjektering og anbud. Vidare vil det bli sett i gang arbeid med revisjon av kommunedelplan Trafikksikring i tråd med framlagt planstrategi.

Budsjettforslaget har kr 0,7 mill. til diverse utstyr til VTP, inkludert køyrety, maskinar, skilting og anna vegrelatert utstyr.

### **Stord kommunale eigedomsselskap AS**

Stord kommunale eigedomsselskap AS har ikkje varsla om husleigeauke for Teknisk bygg på Heiane og i sentrum. Husleigesatsane er dermed ikkje endra for desse bygga i budsjett for 2017.



## 5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg

### MÅLEKART OMSORGSTENESTER

	Mål 2017	Resultat			
		Stord 2015	Stord 2014	Grp. 8 2015	Landet 2015
Del årsverk m fagutdanning	≥80	*	80	*	*
Del årsverk m fagutdanning frå høgskule/ universitet	≥44	*	44	*	*
Snitt tildelte timar i heimen, heimesjukepleie	>10,3	10,3	9,3	5,9	4,6
Snitt tildelte timar i heimen, praktisk bistand	<7,6	7,6	7,7	8,8	9,5
Heimeten.mottakarar med omfattande bistanndsbehov, 80 år og over i prosent	≤27,8	27,8	29,3	15,7	12,5
Brukarar i institusjon med omfattande bistanndsbehov (langtidsopphald) i prosent	90,0	90,0	*	81,4	82,7
Tid med lege per veke per bebuar i sjukeheim (timar)	>0,43	0,43	0,41	0,49	0,53
Tid med fysioterapi per veke per bebuar i sjukeheim (timar)	>0,18	0,18	0,17	0,37	0,41
Mottakarar av heimetenester, pr 1000 innb, 80 år +	312	312	305	320	325
Institusjonar – del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg i %	30,2	30,2	29,5	38,5	44,9
Tenester til heimebuande – del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg i %	63,3	63,3	63,8	55,6	49,6

\* Dei siste åra viser ikkje Kostra desse tala

RHO-tenestene har godt utdanna medarbeidarar. Nye oppgåver til kommunane m.a. i samband med Samhandlingsreforma gjer det likevel naudsynt å auka kompetansen ytterlegare. 27 tilsette tek i dag vidareutdanning innan aktuelle områder. I tillegg vert 10 ufaglærte tilsette utdanna til helsefagarbeidarar.

Terskelen for å få helsefagleg hjelp er høg, og personar med størst behov vert prioritert. For å prioritera dei med omfattande behov prøver ein å frigjera ressursar frå praktisk bistand.

Tabellen viser at det er relativt mange med omfattande bistanndsbehov som bur i eigen heim. Dette har samanheng med at heimetenestene er godt utbygd og at det er stort press på institusjonsplassar. Det er og høgare del av bebuarar med omfattande behov på institusjon i høve samanlikningskommunar.

## MÅLEKART HELSETENESTER

	Resultat				
	Mål 2017	Stord 2015	Stord 2014	Grp. 8 2015	Landet 2015
Legeårsverk pr 10000 innb	12,6	11,6	11,7	9,9	10,5
Snitt listelengde fastlegar	950	990	974	1100	1128
Reservekapasitet fastlege i prosent	105	102	104	103	105
Årsverk fysioterapeutar pr 10000 innb	>7,0	7,0	5,6	8,3	9,0
Årsverk ergoterapeutar pr 10000 innb	>3,2	2,2*	3,2	2,7	3,6
Årsverk psyk sjukepl pr 10000 innb	6,9	6,9	7,0	3,9	4,2
Årsverk av helsesøstre pr 10000 innb. 0–5 år	66,7	66,7	62,9	71,9	66,7
Årsverk av jordmødre pr 10000 fødte	59,6	59,6	39,7	63,2	54,6

\* Kostratala er feil. Det har ikkje vore nedgang i stillingar frå 2014–2015, og det er ein auke i 2016.

Pasientrettslova krev at folk får høve til å velja og byta fastlege. Det må og vera kapasitet til vurdering hjå annan allmennlege («second opinion»). Stord kommune har låge listelengder noko som gjev god tilgjenge til fastlege og grunnlag for godt samarbeid mellom fastlegane og dei andre helse- og omsorgstenestene. Det trengs større reservekapasitet for å få ledige listeplassar hos fleire legar.

Det er låg dekning av fysioterapeutar. Fleire er etablert utan avtale, og desse kjem ikkje fram i tal på årsverk som vert utført i kommunen. Tala frå 2015 inkluderer heimerehabilitering.



## MÅLEKART NAV KOMMUNE

	Mål 2017	Resultat			
		Stord 2015	Stord 2014	Grp. 8 2015	Landet 2015
Snitt stønadslengde 18-24 år, mnd.	<4	3,9	3,9	*	*
Snitt stønadslengde 25-66 år, mnd.	<4	3,8	3,6	*	*
Del som går over 6 måneder på stønad i %	<20	26	23	*	*
Deltakarar i Kvalifiserings- programmet 25-66 år	>13	10	13	*	*

\* Kostra viser ikkje måletal for 2015.

Det er venta ein utfordrande arbeidsmarknad i 2017, noko som kan føra til auka pågang på tenester og stønader, inklusiv Kvalifiseringsprogrammet. Ein registrerer auka konkurranse om NAV sine tiltak. Denne volumauken av brukarar kan føra til at det blir lengre stønadsperiode for dei som har behov for økonomisk sosialhjelp.

Kommunen har i dag 693 innbyggjarar over 80 år. Dette talet vil auka noko fram mot 2020, for så å få ei bratt stigning fram mot 2040. Då vil det vera om lag 1 681 innbyggjarar over 80 år. Dei over 90 år vil venteleg auka frå 122 i år til 391 i 2040. Barn i skulealder og innbyggjarar i arbeidsfør alder aukar i same tidsrommet med rundt 18 prosent. Det vert slik fleire hjelpetrengande innbyggjarar og færre til å gi naudsynt omsorg. Samtidig ser me stadig auke i hjelpebehov for ressurskrevjande brukarar og fleire personar med rus- og psykiske problem under 67 år, som krev meir av det totale budsjettet for tenesteområdet. Kommunen må planleggja naudsynte tiltak og satse på førebygging dersom ein skal vera i forkant av utviklinga.

Samhandlingsreforma vart innført for fem år sidan, men kommunen har framleis vanskar med å ta imot utskrivingsklare pasientar og gje dei for-svarleg hjelp. Dette medfører at ferdigbehandla pasientar vert liggjande på sjukehuset og kommunen må betala døgnpris for dei. Reforma gjev seg og utslag i større behov for tilrettelegging i heimen og formidling av hjelpemid-

del, noko som igjen gir auka press på fysio- og ergoterapitenestene. Det er sett i gong eit eige prosjekt for å vurdere ei meir effektiv drift av kommunalt lager for tekniske hjelpemiddel.

Kommunale akutt-døgnplassar (KAD) for somatiske pasientar er under bygging i nytt bygg ved Stord sjukehus. Dette er eit samarbeid mellom Fitjar, Bømlo og Stord kommune: Planlagt oppstart er mars 2017. Knytt til KAD sengene får samarbeidskommunane fem observasjonssenger, som kan brukast fleksibelt m a i høve ferdigbehandla pasientar som kommunen treng litt ekstra tid til tilrettelegging for å kunne ta imot.

Innføring av betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innanfor rus og psykiatri er varsla gjeldande frå 2018. I Primærhelsetenestemeldinga føreslår ein at kommunane skal ha eit kommunalt akutt- døgntilbod og for denne gruppa. Det er ikkje teke endeleg stilling til korleis dette skal løysast, men i utgangspunktet ser ein for seg at denne pasientgruppa og må få eit tilbod innafor dei ordinære akutt-sengene.

Det er framleis stort press på kommunen sine institusjonsplassar. Forprosjekt for nye institusjonsplassar vert handsama politisk hausten 2016, der planen er å ta i bruk nye plassar i 2018.

Eit stramt budsjett medfører at einingane må praktisera strenge kriterier for innleige ved sjukdom og lovfesta permisjonar, overtid og bestilling av varer.

### 5.5.1 SOSIALTENESTER, NAV

Det har gjennom året vore høg arbeidsløyse i kommunen og distriktet. Det er fleire som oppsøker NAV-kontoret med behov for hjelp i 2016 samanlikna med dei føregåande åra. Dette fører m a til auka forbruk av økonomisk sosialhjelp og det ligg an til eit overforbruk i 2016.

Det er venta at det vert innført aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp i løpet av 2017. I første omgang vil denne plikta truleg gjelde stønadsmottakarar under 30 år. Føremålet med aktivitetsplikta er å styrke den einskilde sine mogleikar til å komme i arbeid og bli sjølvforsørgd. NAV Stord har over tid praktisert aktivitetsplikt innanfor dei rammene eksisterande lovverk set. Det nye lovverket vil difor truleg ikkje innebera store endringar utover dagens praksis lokalt.

«Springbrettet» er eit tiltak NAV driv særleg retta mot ungdom.. Det er no venteliste på å få tilbod om dette som følgje av vanskar på arbeidsmarknaden lokalt (færre lærlingplassar, nedbemanning mm). Det er og ein auke i deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet. Vedtak om auka busetjing av flyktingar (60 personar) vart gjort i februar 2016. Flyktingtenesta er i rute med dette arbeidet. Det er stor auke i tal på deltakarar i introduksjonsprogrammet, truleg over 50 deltakarar ved utgongen av 2016.

Med aukande arbeidsløyse kan det bli utfordrande å jobba arbeidsretta med personar som har nedsett arbeidsevne eller av andre grunnar har behov for bistand frå NAV til å skaffe seg arbeid. Dette kan føre til auka trykk på tenesene gjennom 2017, både i høve personell og ytingar.

Flyktingtenesta er styrka i samsvar med politisk vedtak om å ta mot 60 flykningar pluss familiesameinte.

Som eit tiltak for å balansera budsjettet ligg det ikkje inne i budsjettet videreføring av samarbeidet med Kirkens bymisjon (1 jobb) utover 1. mai 2017. Konsekvensen av dette er at avtalen lyt seiast opp. Dette vil gje ei innsparing i 2017 på omlag kr. 525 000, med heilårsverknad kr. 788 000.

### 5.5.2 EINING FOR PSYKISK HELSE OG RUS

Eininga omfattar tenester til vaksne med rus- og/eller psykiske vanskar. Stord kommune har med omorganiseringa fått eit heilskapleg tilbod til denne brukargruppa. Eininga omfattar to dagsenter: Hamna kontaktsenter for personar med psykiske vanskar og Maris, som gjev legemiddelassistert rehabilitering og har lågterskel helsestasjon og bufelleskap i Åkervikåsen og Apalvegen. Vidare har eininga oppfølgjande tenester med buoppfølging, støttesamtalar og medisinskfagleg kompetanse.

Eininga skal ha fokus på gode pasientforløp for brukarar med psykiske vanskar og/ eller rusproblem. Leiargruppa skal saman med eigne erfaringsmedarbeidarar og helseføretaket delta i eit recoverynettverk i regi av KS. Brukarmedverknad, samhandling, livsløpsperspektiv, haldningar, fagleg kompetanse og ferdighetar vert sentralt i utviklingsarbeidet.

Rus og psykisk helsearbeid har vore eit satsingsområde for regjeringa, og Stord kommune har fått tilskot frå Fylkesmannen til rus og psykisk helsearbeid gjennom fleire år. Det har bidrege til utvikling av bustadsosialt arbeid, rekruttering av erfaringsmedarbeidar (brukarmedverknad) og lågterskel helsestasjon for rusavhengige. Frå og med 2017 får kommunen ikkje lenger dette tilskotet. Konsekvensar av dette er reduksjon på 180 % stilling ved Maris og lågterskel helsestasjon. Dette kan medføre m a auka valdsrisiko for tilsette, reduksjon av kompetanse og fleksibilitet og utfordring i å drifta LAR-senter og lågterskel helsestasjon samtidig.

For å få balanse i budsjettet er stilling som Koordinerande tillitsperson teke ut av budsjettet. Dette vil gje utfordringar for eininga til å gi eit godt tilbod til unge mellom 18 og 25 år. Vidare finn ein ikkje rom å vidareføra ordninga med erfaringsmedarbeidar ved Hamna kontaktsenter. Dette vert særleg eit sagn i samband med utvikling av tenestene i den nye eininga. Samla utgjer dette ei innsparing på om lag kr. 0,8 mill.



### 5.5.3 HABILITERING

Personar med utviklingshemming har på lik line med resten av befolkninga, fått auka levealder dei siste tiåra. Dette fører til at ein må sjå på korleis eldreomsorg til denne brukargruppa skal organiserast, og om til dømes sjukeheims plass kan vera eit alternativ når pleie og omsorg er det største behovet.

Sjølv om det har vore auke i grunnbemanninga i enkelte avdelingar i 2016, er det framleis ikkje samsvar mellom tildelte tenester og faktisk grunnbemanning i nokre avdelingar. Det er heller ikkje teke høgde for nye brukarar/nye vedtak i budsjett 2017 og eininga er difor sårbar for avvik..

Dei fysiske forholda i Avlastingsbustaden i Sævarhagen er ikkje godt tilpassa brukarane sine behov. Det er også for liten kapasitet i forhold til behov for avlastning, særleg på helg. Mogelege tiltak omkring dette er drøfta i samband med arealeffektiviseringsprosjektet, men det ligg ikkje midlar inne til ombygging/utviding i økonomiplanperioden.

Vener av Sæbø, som er ein frivillig organisasjon, har starta prosjektet «Ny løa». Den gamle løa er kondemnert og det må byggast ny løe om ein framleis skal ha sauer på Sæbø gard. Venelaget har kalkulert kostnad til om lag kr. 3,3 mill. og ber kommunen om kr 1,0 mill i eigenandel. Resten er tenkt finansiert via dugnad og gåver. Rådmannen har sett av kr. 1,0 mill. som kan nyttast dersom prosjektet blir fullfinansiert.

Arbeidet med nytt dagtilbod på Sæbø gard med 20 plassar er noko forsinka, men er no godt i gong. Forprosjekt skal handsamast politisk hausten 2017. Bygget er kostnadsrekna til kr. 26,0 mill. og er planlagt ferdig hausten 2018. Driftskostnadane vil ha ei gradvis opptrapping til om lag 3,4 ved full drift.

### 5.5.4 INSTITUSJONSDRIFT

Eininga har fått kvalitetsutviklingsmidlar til å gjennomføra eit ernæringsprosjekt i 2016. Prosjektet går ut på å flytta middagstidspunktet for ein avdeling ved sjukeheimen og å innføra restaurantkveld ved Knutsaåsen Omsorgssenter. Dette vil venteleg auka trivsel og betra ernæringsstilhøva for fleire. Ein tek sikte på å vidareføre dette i 2017.

Eininga har utfordringar knytt til ressurskrevjande brukarar på fleire avdelingar, men ingen av dei vil komme inn under refusjonsordninga i 2017, sidan grensa for refusjon er 67 år.

Ein ser og auke i talet på særskilt krevjande pasientar innanfor demensomsorga. Det er både resultat av at fleire får sjukdommen og at behandling av pasientar har endra seg dei siste åra. Utfordringar knytt til demenssjukdom er ikkje nødvendigvis relatert til alder.

I økonomiplanen ligg det inne samla kr. 172,6 mill. til bygging av nye sjukeheims plassar som er planlagt ferdig hausten 2018. Forprosjekt skal leggast fram for politisk handsaming før årsskifte 2016/17.

Det er sett av kr. 125 000 til kjøling av bårerom og kr. 200 000 til trådlaust nett på Stord sjukeheim.

### 5.5.5 AKTIVITET OG REHABILITERING

Heimerehabilitering er prioritert. Dette er eit tiltak for intensiv hjelp til sjølvhjelp og er eit framtidsretta tiltak med gode resultat.

Ein legg opp til å auka leiga for varmtvass-bassenget med 40 kr pr. time, noko som er ei auke på 8 %. Også andre førebyggjande- og lågterskeltilbod som tidlegare har vore gratis, må ein rekna med eigenbetaling for. Eiga sak om dette vil verta lagt fram for komité for rehabilitering, helse og omsorg.

På avdeling for døgnrehabilitering har det gjennom året vore to dobbeltrom og dermed 16 bebuarar. Dei fem plassane som er avsett til rehabilitering er vanskeleg å halda til føremålet sidan mange bebuarar har langtidsvedtak og behov for ordinær sjukeheims plass.

Demenssteamet som omfattar sjukepleiar og ergoterapeut i 20 % stillingar har venteliste på om lag 15–20 personar siste året. Behovet for demenskartlegging har auka mykje i år og det er forventet ytterlegare auke. Det er ikkje lagt inn auke i stillingsbrøk for teamet.

Prosjektet Godt liv for godt vaksne arbeider vidare med å få Stallen ved Knutsaåsen til å bli ein møtestad for bebuarar i området rundt. Målet er å motverka einsemd blant eldre og fremja sosial kontakt mellom innbyggjarar i ulik alder. Arbeidet med klargjering av stallen vert gjort i stor grad med hjelp av frivillige.

Kommunane er lovpålagt å tilby helsefremjande tenester som skal fremja fysisk og psykisk helse, gje støtte til å endre levevanar og meistra helseutfordringar. Frisklivscentralen er viktig i kommunen sitt folkehelsearbeid, men rådmannen finn likevel ikkje rom for å vidareføre dette tiltaket og legg opp til å avvike det 2. halvår 2017. Innsparing vert kr. 150 000 (heilårsverknad frå 2018 omlag kr. 380 000).

### 5.5.6 HEIMEBASERTE TENESTER

Heimebaserte tenester vert hausten 2016 samlokalisert i SKE bygget i sentrum. Budsjett for eininga er i hovudsak vidareført på 2016-nivå, utan at alle nye vedtak for ressurskrevjande yngre funksjonshemma er fullfinansiert. Tenestene til desse er i 2017 delvis finansiert ved omprioritering av ressursar innafor eininga, noko som i ein viss grad vil gå ut over dei eldre brukarane. Det ligg ein risiko i budsjettet av di ein ikkje har rom for auke i tenestebehov.

Eininga legg likevel opp til å vidareføre satsing på heimerehabilitering, velferdsteknologi, førebyggjande heimebesøk og «Godt å bu heime». Den siste satsinga inneberer at ein arbeider systematisk med å leggje til rette for at sterkt pleietrengjande brukarar kan bu trygt i eigen heim. I dette ligg og at me som innbyggjar i Stord må ta større ansvar for at bustaden vår eignar seg å bu i livet ut. Denne satsinga vil gjere oss betre i stand til å møte den demografiske utviklinga som står framføre oss.

Dagaktivitetstilbodet i Sævarhagen blir utvida med ein dag per veke, finansiert ved forventa tilskot frå helsedirektoratet og omprioritering av personellressursar. Dette er eit viktig tiltak for å lette kvardagen for brukarar og pårørande som venter på institusjonsplass. Gjennom eit slikt tilbød får brukarane aktivitet, stimuli og god ernæring, og dei pårørande får tiltrengt avlastning.

### 5.5.7 KUNDETORGET

Kundetorget deltek i eit prosjekt som har som mål å kartleggja, og få på plass eit meir heilskapleg tilbød til vaksne pårørande med stor og langvarig belastning. Prosjektet er finansiert av Helsedirektoratet. Eininga har kapasitetsutfordringar og har ikkje nådd målet om å vera ajour med vedtak. Rådmannen har likevel ikkje funne rom for å auka ressursane.

For å avhjelpa presset på institusjonsplassar og for lettare å kunne ta imot ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset, har kommunen leigd to plassar frå Fitjar kommune sidan i vår. Sidan i sommar har desse vore belagt med langtidspasientar. Kostnaden med dette, kr. 2,2 mill. er vidareført i 2017. Det er i tillegg lagt inn kr. 1,3 mill. til betaling av utskrivingsklare pasientar. Pr. oktober 2016 ser det ut som kostnaden til dette i 2016 blir om lag kr. 4,0 mill. Dei kommunale akutt- (KAD) og observasjonsengene som skal byggjast i samarbeid med Bømlo og Fitjar vil og avhjelpe situasjonen noko når desse er i full drift neste år.

I fjor auka kommunen rammene til startlån til kr. 30 mill. grunna auka etterspurnad og innstraming i bankane sine utlansreglar. Etterspurnaden er framleis aukande, men skal låneramma aukast må og sakshandsamingskapasitet aukast. Rådmannen har ikkje funne rom for slik auke og vidarefører ramma på 30 mill. kr. i 2017-budsjettet.



### 5.5.8 LEGETENESTA

Ordninga med utjamningstilskot for etablering av praksis som privat næringsdrivande har fungert godt og legen som fekk denne ordninga har no opparbeidd full liste. Ordninga er er naudsynt for å kunna rekruttera ny fastlege som i utgangspunktet ikkje har folk på lista si. Utjamningstilskotet er på kr. 35 000/mnd. og summen vert redusert etter kvart som legen får bygd opp lista. Med ei slik ordning vil ein ha kostnad på om lag kr. 270 000 årleg over ein 2–3 årsperiode.

Det er berre få legar som til ei kvar tid har opne lister for nye pasientar. Folk sin rett til val av lege og skifte av lege er i dag avgrensa. Ein må rekna med at Stord, frå 2017, ikkje kan stetta lovkravet om at folk skal kunna få fastlege i kommunen. Det er likevel ikkje funne rom for å vidareføra utjamningstilskotet i 2017. Dette vil gjera det svært vanskelig å rekruttera ny lege.

I 2015/-16 har ein hatt auka overføring av asylsøkjjarar og flyktingar til mottak og for busetjing. Kommunen legg og opp til auka busetjing dei neste åra. Fastlegetenester til desse krev meir ressursar i ein overgangsperiode og i integreringsfasen. Det er mange tilhøve som verkar inn på tidsbruken og drift av praksis i møte med den einskilde og familiar. Fastlegane ønskjer ein kompensasjon for dette, men dette er ikkje prioritert.

Fastlegane må kunna ta ut lovfesta permisjonar og vera borte ved sjukdom. Dei må innfri krav til utdanning til spesialist i allmenntilleg og vedlikehald av denne i form av kurs m.m. Det inneber m.a. eitt år i sjukehuset. Dette krev vikarar, men det er dårleg tilgang på allmennlegar. Slike er i praksis berre tilgjengelege gjennom vikarbyrå og utgjør ein betydeleg kostnad som ikkje er innarbeidd i budsjettet.

### 5.5.9 BUSTADER TIL FUNKSJONHEMMA

Stord kommune har 40 bustader for personar med utviklingshemma lokalisert ulike stader i kommunen. Det er pr. september 2016 meldt inn 23 nye personar med utviklingshemming som søker om bustad i kommunen.

Stord kommune eig ei tomt som er regulert til bustadformål og som er godt egna til bustader for funksjonshemma. Det kan byggjast 6 + 6 bustader med fellesrom pr. seks bustader og felles base for personale, eller det kan byggjast åtte bustader med fellesrom og base. Mindre enn åtte bustader bør det

ikkje byggjast i denne omgang. Det vert lagt opp til raskt å realisere bustader på denne tomte i tett samarbeid med Husbanken og foreldre. Det vil bli laga forpliktande avtaler med søkerane. Foreldre til bustadsøkjande ynskjer at kommunen skal bygge opp til 12 bustader i bufellesskap, men dette er i konflikt med NFU (Norsk forbund for utviklingshemmede) sitt syn. Det er samla gjennom tidlegare løyvingar og løyving i 2017 sett kr. 20,3 mill. for å bygge åtte bustader i denne omgang, men ein vil legge til rette for å kunne utvide til 12. Bustadane er tenkt finansiert gjennom tilskot frå husbanken og husleige. Kommunen må stå for låneopptak og vera eigar av personalbasen. Komité for rehabilitering, helse og omsorg skal handsame forstudie til dette prosjektet hausten 2017.

Stord kommune lyt planlegge for fleire bustader dei næraste åra. Det kan vera aktuelt å kjøpe tomtar for å bygge sjølv eller å samarbeide med private aktørar.

### 5.5.10 INTERKOMMUNALE AKUTTE DØGNSENGER

Stord kommunestyre vedtok i PS 31/15 at interkommunal legevakt og ny avdeling for kommunale akuttdøgnsenger (KAD) skal samlast i eit nytt bygg ved Stord sjukehus. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS skal stå for drift av eininga når nybygget er ferdigstilt, mest sannsynleg første kvartal 2017. Det er sett av kr. 7,6 mill til drift i 2017.

## 6. Finans, avgifter, betalingssatsar

6.1 Gebyr og betalingssatsar .....	56	6.2 Finansinntekter og -utgifter, lånegjeld .....	57
------------------------------------	----	---	----



## 6. Finans, avgifter, betalingssatsar

### 6.1 Gebyr og betalingssatsar

Gebyr for vatn og avlaup, renovasjon og slam er foreslått uendra.

Budsjettforslaget har innarbeida ein avgiftsauke på 4,9 prosent på gebyr for feiing og branntilsyn. Dette for å dekke inn tidlegare underskot innanfor området. Torgavgifta er foreslått auka med 2,7 prosent. Forslag til gebyrregulativ følgjer som vedlegg til budsjettframlegget (sjå kapittel 8), men skal handsamast i komiteane i medhald av kommunen sitt økonomireglement.

## 6.2 Finansinntekter og -utgifter, lånegjeld

Kommunen si samla lånegjeld eksklusiv startlån vil ved utgangen av 2016 vera på kr. 1 571 mill. Stord hamn sin del av gjelda er kr. 13,9 mill. Kommunen har vidareutlånt startlån for kr. 144,7 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter føresegna i kommunelova § 50 nr. 7. Det er lagt til grunn minimumsavdrag for heile planperioden.

Det er lagt til grunn ei flytande rente på 1,42 prosent i 2017 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. Vidare i økonomiplanen har ein lagt desse rentene til grunn: 2018: 1,70 prosent, 2019: 2,08 prosent og 2020: 2,04 prosent. Dette er i samsvar med Noregs bank og marknaden sitt rentesyn.

### FORESLÅTT LÅNEOPPTAK I PERIODEN (1 000 KR)

	2017	2018	2019	2020
Startlån	30 000	30 000	30 000	30 000
Avgiftsfinansierte låneopptak	165 750	157 850	167 200	160 600
Låneopptak Stord hamnstell	950			
Andre lån	180 405	2 400	54 000	168 950
<b>Sum låneopptak</b>	<b>377 105</b>	<b>190 250</b>	<b>251 200</b>	<b>359 550</b>

### LÅNEGJELD PER 31.12 (MILL. KR)

	2016	2017	2018	2019	2020
Total lånegjeld	1 716	2 035	2 154	2 330	2 609
Formidlingslån/startlån	145	163	180	195	210
Eigne lån	1 571	1 872	1 974	2 135	2 399
Utlån til Stord Hamnstell	14	14	14	13	12
Lån finansiert over VA-området	545	684	811	942	1 062
Sum lån ekskl. VA og hamn	1 012	1 174	1 149	1 180	1 325

### BEREKNA RENTER OG AVDRAG (1 000 KR)

	2017	2018	2019	2020
Renteutgifter	47 145	53 940	55 329	54 668
Avdragsutgifter	45 700	58 000	61 000	65 700
Sum rente og avdrag	92 845	111 940	116 329	120 368
Renter og avdrag finansiert over VA-området	38 162	48 023	56 870	64 636
<b>Netto rente og avdrag</b>	<b>54 683</b>	<b>63 917</b>	<b>59 459</b>	<b>55 732</b>

I årsbudsjettet for 2017 er det forventta slik avkastning på kommunen sine midlar:

Aktivklasse	Kapital 1000 kr	Forventa avkastning i %	Budsjettert uttak avkastning i 1 000 kr.
Lån kraftsalfond/kontantar	15 000	2,9 %	250
Obligasjonar	73 547	1,95 %	1 434
Aksjar	23 218	6 %	1 393
Andel kraftselskap (SKL)			2 350
Renter av andre plasseringar og utlån			6 540
<b>Sum</b>			<b>11 967</b>

Andre plasseringar er m.a. startlån (ca. 3,166 mill. kr.), lån til Stord hamnstell (ca. 0,420 mill. kr.) renter av bankinnskott/skattetrekkkonto (ca. 2,320 mill. kr.), og morarenter (ca. 0,6 mill. kr.).

Aksjedelen i porteføljen vart i 2012 teken ned for å redusera risikoen og for å sikra kommunen ein mindre volatil («svingande») og meir føreseieleg avkastning i den komande perioden. I 2015 vart aksjedelen auka til 30 prosent. Dette er det maksimale finansreglementet gjev høve til. Det bør vurderast om ei eventuell meirinntekt skal setjast på fond for å møte eventuell mindreavkastning i framtida, og for på denne måten å redusere risikoen. Mot slutten av 2015 kjøpte ein seg også opp i SKL med 17,2 mill. kr, noko som reduserer eksponeringa mot finansmarknadane, men gjer avkastninga meir følsam for svingingar i straumprisane.



## 7. Tabellar

7.1 Budsjettskjema 1A drift .....	60	7.5 Budsjettskjema 2A investering .....	87
7.2 Hovudoversikt drift .....	64	7.6 Hovudoversikt investering .....	88
7.3 Netto ramme, fordelt einingsvis.....	67	7.7 Spesifikasjon investering (2017 kroner) .....	90
7.4.1 Netto ramme formannskap, per ansvar og teneste.....	70	7.8 Samla investeringsramme med driftskonsekvensar (1 000 kr) .....	102
Ved overgang til nye digitale alarmer, skal det SIM kort inn i alarmeininga. Det er meir praktisk at kommunen eig SIM korta, og fakturerer brukar for kostnaden. Det vil derfor i ein overgangsperiode vere to satsar for eigenbetaling. Stord har kravd inn langt mindre i eigenbetaling for tryggleiksalarm enn t.d. Fitjar og Kvinnherad. Svært mange kommunar krev i tillegg til abonnement, eit etableringsgebyr, samt kostnader med nøkkelboks. Rådmannen legg opp til at Stord kommune skal krevje inn etableringsgebyr for tryggleiksalarm og eit eige gebyr for nøkkelboksar frå 2017. Dette vert gjort som eit eingongsbeløp som til ei viss grad dekkjer kostnadane med utstyr og oppkopling. I tillegg vert abonnementskostanden for tryggleiksalarm auka med 35 kr pr mnd. Satsen har ikkje vore regulert dei siste åra. Dette er nødvendig å gjere for framleis å kunne ha tryggleiksalarm som eit lågterskeltilbod. Brukarar med inntekter under 2G, som får innvilga tryggleiksalarm som helseteneste, kan

### EIGENBETALING TRYGGLEIKSALARM, NØKKELBOKS OG VELFERDSTEKNOLOGI – PR MND, ELLER PR ETABLERING

Tryggleiksalarm, nøkkelboks og velferdsteknologi	2016	2017	Auke kr
Tryggleiksalarm pr mnd	205	240	35
Tryggleiksalarm pr mnd med SIM kort		240 + det det kostar	
Etableringskostnad for tryggleiksalarm		500	
Etableringsgebyr nøkkelboks		750	

Supplerande utstyr til tryggleikspakke/velferdsteknologi. Brukar vert fakturert eingongskostnad for utstyr som vert innvilga som kommunal teneste, sjå tabellen på neste side.

etter søknad få innvilga fritak for abonnement, i tråd med forskrift/rundskriv. Slikt fritak gjeld ikkje etableringskostnader.

Av utstyret som kan inngå i tryggleikspakkane, er det naturleg å definere noko som reine kommunale tenester. Utløysareining med fallalarm vil ikkje kunne erstatte helsetenester, men vere eit supplement som gjer det tryggare å bu heime. Det same gjeld røykvarsling knytt opp mot tryggleiksalarm. Fallalarm som tilbys i dag, er ikkje god nok til å erstatte tilsynsbesøk. Dersom brukar «glir ned», utløyser ikkje alarmen. Dersom alarmen har løyst ut, og brukar beveger seg, vil alarmen tilbake stille seg sjølv (som falsk alarm). Men sidan fallalarm og kan nyttast til å trykke på, er det eit akseptabelt alternativ.

Dørsensor vert oftast nytta hos personar med kognitiv svikt. Ein slik sensor varslar via tryggleiksalarmen at no har brukar gått ut av ei dør, oftast brukt på ytterdør om natta. Brukar får då besøk av heimetenestene, for å sjekke om alt er OK. Slik sett erstattar dørsensor hyppig tilsyn frå tenestene. For dei fleste er dette eit betre tilbod, særleg på natt, då tilsynsbesøk ofte fører til at brukar vaknar og blir urolig etter besøket, i tillegg til forstyrra nattesøvn.

Andre rørslestyrde sensorar, td. sengealarm, epilepsialarm og fuktsensor (til bruk i seng eller stol) må vurderast i kvart tilfelle. Slik vurdering vil verte gjort i vedtak om tenester.

Når det gjeld GPS, ser ein det som naturleg at brukarar som bur åleine, har ordinære heimetenester av betydeleg omfang, og heimetenestene som har ansvar for evt sporing, får tilbod om GPS som helseteneste. Men når det er familie som har ansvar for sporing, så vil det vere ei kommunal teneste. Dette vil kunne dreie seg om brukarar i tidleg fase av sjukdommen, då det her er viktig å lære seg å bruke GPS før utviklinga er komen for langt. GPS er tilgjengeleg i vanlege butikkar.

Kameratilsyn (i startfasen hovudsakleg på natt), og elektroniske medisindispensarar vil vere ei erstatning for kommunale helsetenester, då desse delvis vil erstatte helsetenester. Nye hjelpemiddel som kjem til, må ein vurdere når dei vert tekne i bruk.

Dersom det skjer endringar i regelverket i høve kva som skal dekkast av brukar, NAV og kommune, kan satsane verte endra.



**OVERSIKT OVER KOSTNADER SOM ER AKTUELL FOR  
EIGENBETALING VED TRYGGLEIKSPAKKAR OG VELFERDSTEKNOLOGI  
SOM KOMMUNAL TENESTE. PRIS ER EX.MVA**

Utstyr	Pris	Abonnement
Røykvarslar	1 055,-	Kopla til tryggleiksalarmen
Sengevakt Wespot	7 230,-	Kopla til tryggleiksalarmen
Dørsensor	1 699,-	Kopla til tryggleiksalarmen
Bevegelsessensor	1 988,-	Kopla til tryggleiksalarmen
Fallsensor	2 080,-	Kopla til tryggleiksalarmen
Handikapadapter	423,-	Kopla til tryggleiksalarmen
Vega GPS	5 500,-	340,- pr. mnd
Safecall (GPS)	4 050,-	235,- pr. mnd
Tryggleiksklokke	3 960,-	100,- pr. mnd
CareAssist	4 125,-	
MyAmie smykkesender	790,-	

Utstyr som alltid vil erstatte helsehjelp, er ikkje teke med. Prisane som er oppgjeve, er frå 2016, og kan verte endra i 2017. Det kan komme nytt utstyr som er naturleg å ta med i løpet av året.

**ANDRE TENESTER**

Tryggleiksalarm, nøkkelboks og velferdsteknologi	2016	2017	Auke kr
Dagtilbod for personar med demenssjukdom per dag	158	165	0
Knutsaåsen omsorgssenter og Backertunet HDO – mat pr. mnd	3 675	3 820	0
Knutsaåsen omsorgssenter og Backertunet HDO – vask av tøy pr. mnd.	890	925	0
Korttidsopphald/rehabiliteringsopphald per døgn; etter 60 døgn betaling som for langtidsopphald	150*	150	0
<b>Langtidsopphald</b> 75 prosent av grunnpensjon og 85 prosent av andre inntekter			

**Eigenbetaling andre tenester**

For dagaktivitetstilbod til eldre er prisen i 2017 kr 165,-. Betalinga skal skje ut frå vedtak. Det kan gjerast frådrag for fråvær utover ei veke.

Ved Knutsaåsen Omsorgssenter og Backertunet HDO betalar brukarane for måltid til frukost, middag, kaffi, kvelds og eit mellommåltid. I 2017 vert satsen kr. 3 820,- pr. mnd.

Bebuarane på Knutsaåsen omsorgssenter og Backertunet HDO, har inngått avtale med dagleg vask og leige av sengetøy, frotté samt vask av bebuartøy. Dette er gjort ut frå smitterisiko. Satsane vert heva til kr 925,- i 2017 og kompenserer for kostnadane Stord kommune har.

Husleigesatsen for Knutsaåsen Omsorgssenter vil verta prisjustert med auken i KPI-indeksen (konsumprisindeksen). Melding vil verta sendt bebuarane.



## 8.4 Avgifter som er vedtekne av komité for næring, miljø og kultur

### 8.4.1 BETALINGSSATSAR FOR KOMMUNALE PARKERINGSPLASSAR

	2016 01/1–31/5	2016 01/6–31/12	2017	Auke kr
<b>Bytunet og i underetasjen på Bachertunet</b>				
Måndag–fredag kl. 07.00–19.00 (anna tidsrom – gratis)	12		12	0
Laurdag kl. 07.00–17.00 (anna tidsrom – gratis)	12		12	0
<b>2 timar gratis ved bruk av parkeringsskive</b>				
Torget	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
SKE-bygg	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Osen	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Vidsteenstunet/Sorenskrivareigedomen	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Borggata/Borggarden	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Øvre Borggata	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Jens Hystadveg	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Stord kommunale rehab. senter	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Snøggbåtterminalen	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Torgbakken	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
P-dekke v/ NAV. Maksimum parkeringstid 2 timar gjeld også for EL- bilar og personar med HC-kort	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
<b>12 timar gratis ved bruk av parkeringsskive</b>				
Sæ	12	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Vabakkjen	Gratis	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Parkeringskive	-	20	20	0

\* med maksimum opphaldstid ved bruk av parkeringsskive  
Pris er uendra for 2017.

Kommunestyret i Stord gjorde 30.04.2015, sak 14/15 vedtak om endring i parkeringsordninga frå 01.06.2015. Innfører parkeringsskive.

For at trafikkbetjenta vår skal veta kva tid du parkerte, skal du nytte parkeringsskive som du festar i frontruta på bilen. På parkeringsskiva markerer du klokkeslett for tidspunktet du parkerte bilen.

Parkeringskive er for sal i Kundetorget til kr 20,-

Følgjande kommunale parkeringsplassar får avgiftsfri parkering med maksimum opphaldstid 2 timar ved bruk av parkeringsskive:

Torget, SKE-bygget, Osen, Vidsteenstunet/Sorenskrivareigedomen, Borggata/Borggarden, Øvre Borggata, Jens Hystadveg, Stord kommunale rehab. senter, Snøggbåtterminalen, Torgbakken, P-dekke v/ NAV. Maksimum parkeringstid 2 timar gjeld også for EL- bilar og personar med HC- kort.

Parkeringsplassen i Sæ og Vabakkjen er det maksimum 12 timar parkering med parkeringsskive.

Tidsavgrensinga er 07.00–19.00 på kvardagar og til 17.00 på laurdagar.

Det er vidare vedteke at parkeringsplassen bak rådhuset skal vera privat dvs for besøkjande i nemnde bygg.

Parkeringsplassane ved Bytunet og i underetasjen på Bachertunet er fortsatt avgiftsbelagt.

#### 8.4.2 BETALINGSSATSAR FOR LANDBRUKS- OG HAVBRUKSSAKER

	2016	2017	Auke kr
<b>Landbrukssaker:</b>			
Søknad om konsesjon (ervertsløyve) etter lov av 28.nov. 2003 om konsesjon ved ervert av fast eigedom (konsesjonslova) mv. § 2 og § 3.	5 000	5 000	0
Søknader om delingssamtykje etter lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 § 12.	2 000	2 000	0
<b>Havbrukssaker:</b>			
Gebyr vert rekna pr. påløpt time for handsamar	1 122	1 150	28
Minstegebyr for havbrukssaker	4 488	4 600	112

#### 8.4.3 BETALINGSSATSAR FOR LEIGE AV TORGPLASS

	2016	2017	Auke kr
Pris pr. rute på 15 m <sup>2</sup> (minstepris) pr. i dag	133	136	3
Fast torghandlar for 60 m <sup>2</sup> pr. år.	23 870	24 460	590
Nattoppstilling pr. måned	1 205	1 235	30
Nattoppstilling pr. natt	42,75	44	1,25
Straum – tilfeldige torghandlarar pr. dag	12,95	13	0,05

Faste torghandlarar betalar straum etter eigen målar.

Avgifta skal betalast forskotsvis pr. dag eller måned til kundetorget. Forskotsbetalt avgift kan ikkje krevjast refundert. Avgiftene for torghandel er fritekne for meirverdiavgift.

#### Bakgrunn:

For lag/organisasjonar og næringsdrivande utan fast utsalsstad er det mogeleg å leiga plass på Leirvik Torg for sal av varer.

Det kan leigast plass for kortare eller lengre tidsrom.

Plass kan tingast på førehand og dei som ikkje gjer det kan visast bort.

Kundetorget tildeler plass.

## 8.4.4 UMLEIGESATSAR FOR STORD KULTURHUS

### UMLEIGESATSAR FOR STORD KULTURHUS

	2016 Pris 1	2016 Pris 2	2017 Pris 1	2017 Pris 2	Auke Pris 1	Auke Pris 2
<b>Symjehallen – timeleige</b>						
Symjegrupper trening per time	Barn 110	Vaksne 330	Barn 110	Vaksne 330	<b>Barn 0</b>	<b>Vaksne 0</b>
Symjegrupper stemne per time	550					
Andre leigetakarar per time	Ideelle/Skular 800	Privat/ Kommers 1 100	Ideelle/skular 800	Privat/ kommers 1 100	<b>Ideelle/skular 0</b>	<b>Privat/ kommers 0</b>
<b>Symjehallen – badevakt</b>						
<i>Utleige av symjehallen må inkludera 2 badevakter med godkjent kompetanse. Nedre aldersgrense er 5. klasse.</i>						
Tillegg 2 badevaktar vekedagar	1-2 timar 1 200	+Per time over 2t. Kr 660,-	1-2 timar 1 200	+Per time over 2t. Kr 660,-	<b>1-2 timar 0</b>	<b>+Per time over 2t. 0</b>
Tillegg 2 badevaktar helg	1-2 timar 1 400	+Per time over 2t. 770	1-2 timar 1 400	+Per time over 2t. 770	<b>1-2 timar 0</b>	<b>+Per time over 2t. 0</b>



## LEIGESATSAR MØTEROM – UTLEIGE INNTIL 3 TIMAR

	Ideell	Privat/Kommers	Ideell	Privat/Kommers	Auke ideell	Auke privat/ kommers
<b>Kultursenteret/ Speglsalen</b> (same leigepris). Større lokale i kjellaretasje med plass for inntil 35 personar. (Inkluderer kjøken).	440	600	440	600	0	0
Tillegg per time utover 3 timar	100	200	100	200	0	0
<b>Møterom 1, 3 og 5</b>	100	250	100	250	0	0
Tillegg per time utover 3 timar	50	100	50	100	0	0
<b>Kunsthallen</b> Møte/ konsert e.l. (opp- og nedrigging av stolar må gjerast av leigetakar)	600	1 100	600	1 100	0	0
Konsert/ liknande m. inntekt over 7.000+ Procentsats av inntekt	+ 10 % av inntekt	+ 10 % av inntekt	+ 10 % av inntekt	+ 10 % av inntekt	-	-
Utstilling (per dag)	Etter avtale	250	Etter avtale	250	0	0
+ Procentsats av inntekt		+ 10 % av inntekt over kr 7 000		+ 10 % av inntekt over kr 7 000	-	-
<b>Storsalen</b> Konferanse/ liknande verksemd (inkl. videokanon og 1 mikrofon – må tingast på førehand)	3000	5500	3000	5500	0	0
+ Procentsats av inntekt	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	-	-
+ Billettavgift	10	10	10	10	0	0
Øving (inntil 3 timar)	250 barnegrupper	600 vaksne	250 barnegrupper	600 vaksne	0	0
Tillegg pr time	250 barnegrupper	600 vaksne	250 barnegrupper	600 vaksne	0	0
Husets lysutstyr (per framsyning)*	750	1 500	750	1 500	0	0
Husets lydutstyr ( per farmsyning)	750	1 500	750	1 500	0	0
Piano (stemming)	1 000	1 000	1 000	1 000	0	0
<b>Småsalen</b> Konferanse/ liknande verksemd (inkl. videokanon og 1 trådløs mikrofon – må tingast på førehand)	1 500	3 000	1 500	3 000	0	0
Kinoprojektor pr time	500	500	500	500	0	0
Tilskiping kveld/dag med inntekt	1 500	2 500	1 500	2 500	0	0
+ Procentsats av inntekt	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	-	-

## LEIGESATSAR MØTEROM – UMLEIGE INNTIL 3 TIMAR

	Ideell	Privat/Kommers	Ideell	Privat/Kommers	Auke ideell	Auke privat/ kommers
<b>Vestibyle/Festarrangement</b> Vestibylar, kultursenter, kjøken inkl. bord og stolar (leigetakar må sjølv rigga til og rydda)	3 000	6 000	3 000	6 000	0	0
Festarrangement som krev ekstra reinhald (til dømes laurdagskveld)	+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000	0	0
+ Procentsats av inntekt	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	+ 15 % av inntekt over kr 10 000	-	-
<b>Vestibyle</b> Konsert/ utstilling utan inntekt	Gratis	Gratis	Gratis	Gratis	-	-
<b>Personale</b> Kulturhusvert utanom ordinær opningstid (per time)	650 + mva	650 + mva	650 + mva	650 + mva	0	0
<b>Lysteknikar</b> (per time)	550	550	550	550	0	0

\*teknikar kjem i tillegg, sjå egne satsar

**MERK:** Fakturagebyr på alle ordrar under kr 500. All utleige kan betalast kontant eller med kort i kiosk/resepsjon.

**NB!** All bruk av teknisk utstyr eller teknikarar må avtalast i god tid før arrangement

## PRISAR FOR BADEBILLETTAR

	2016	2017	Auke kr
Pris Vaksne	55	55	0
Pris Barn	35	35	0
Pris Studentar	45	45	0
Pris Honnør	45	45	0

## 9. Vedlegg

9.1. Kontrollutvalet .....	154	9.2.2 Innspel til investeringsbudsett for kyrkja 2017–2020 .....	165
9.2 Stord Kyrkjelege fellesråd – innspel til driftsbudsjettet .....	158	9.2.3 Investeringsbudsjett 2017–2020. Stord kyrkjelege fellesråd .....	167



## 9. Vedlegg

### 9.1. Kontrollutvalet

#### **Partsbrev – Budsjett 2017 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune**

Kontrollutvalet handsama i sitt møte 25.08.16 sak vedr. Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Stord kommune for 2017. Saka vert med dette oversendt for vidare handsaming. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid i kommunen, fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet.

Med helsing

Hogne Haktorson

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

*Arkivsak: 151 – Arkivnr: 2015/179-5 – Sakshandsamar: Hogne Haktorson*

#### **Saksframlegg / Saksgang**

*Utval: Kontrollutvalet i Stord kommune – Saknr. 46/16 – Møtedato 25.08.2016*

#### **Budsjett 2017 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune**

#### **Samandrag**

«Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» vart endra med verknad frå 1.7.2004. Etter forskriftas § 18 skal kontrollutvalet i Stord kommune utarbeide framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Omtala § i forskrifta lyder slik:

#### **«§ 18. Budsjettbehandlingen**

*Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

*Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen.*

#### **Departementets merknader til § 18:**

*Bestemmelsen fastsetter fremgangsmåten ved behandling av budsjett for kontrollutvalgets og revisjonens samlede virksomhet.*

*Når kommunen/fylkeskommunen har egne ansatte revisorer, skal revisjonen ved ansvarlig revisor avgi innstilling til kontrollutvalget om budsjett for sin virksomhet i budsjettåret.*

*I interkommunale revisjonsselskaper organisert som interkommunale selskaper, er det representantskapet som vedtar budsjettet, jf. lov om interkommunale selskaper § 18, noe som forutsetter at deltakerkommunenes/fylkeskommunenes budsjetter må være vedtatt før slikt budsjett kan vedtas.»*

#### Drøfting:

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det egentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtale som vart inngått med Deloitte AS 1.7.2011. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekke både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Noverande avtale med revisor går ut 30.06.17. Det er såleis uvisse med kor stort revisjonshonoraret vert for 2. halvår. Det kjem an på kva avtale ein oppnår etter ny konkurranse i marknaden og omfang av timebaserte tenester. Det er budsjettert tilsvarande som noverande avtale, også for andre halvår i 2017.

Vidare er det lagt til grunn at det vert like mange møter i kontrollutvalet i 2017 som det har vore dei siste åra. I 2014–15 var det 5 møter for året medan det er lagt opp til å ha 7 møter i 2016. Normalt er det høgare kostnad med fleire møter, og utvalet må drøfta kor mange møter ein ser for seg i 2017. Det er også lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet, kostnader til at medlemene i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), abonnement på «Kommunerevisoren» og ein diverse post.

Det er som vanleg også forslag om pengar til ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. adhoc oppgåver, t.d. øvrig forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og utgreiing, som måtte komme undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

#### **«§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.»*

#### **«§ 13. Selskapskontroll**

*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.»*

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2016–2020 er planlagt å koma opp i siste ordinære kommunestyremøte i år

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggest inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. I ein kommune av Stord kommune sin storleik vil prosjektarbeid normalt krevja ei ramme på om lag 400 timar / år.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet, er regulert i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande priskfaktor, jf. avtale mellom Stord kommune og Hordaland fylkeskommune dagsett 13.2.2008. Også for sekretariatstenestene er det konkurranse no, og ny avtaleperiode vil vera frå 01.01.17. Det er såleis uvisse i høve kostnad for ny sekretariatsavtale samanlikna med noverande avtale.



Konklusjon:

På bakgrunn av dette tilrår sekretariatet at kontrollutvalet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning for det budsjettforslaget som ligg føre.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune – 25.08.2016**

**Handsaming i møtet:**

Under handsaminga vart det orientert om rekneskapsstatus pr. august 2016, for kontroll og tilsynsarbeidet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2017.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



## 9.1.1 TALDEL

Konto	Tekst	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Merknad
10803	Godtgjersle folkevalde	42 050	47 653	50 789	Leiar kr. 36 728/år   Medl. kr 181/t
10804	Tapt arbeidsforteneste		10 270	10 500	
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste			1 260	
	<b>Delsum</b>	42 050	<b>57 923</b>	<b>62 549</b>	
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)	4 488	8 162	8 819	
	<b>Delsum</b>	46 538	<b>66 085</b>	<b>71 369</b>	
11400	Annonse	-	5 135	5 300	
11002	Abonnement	-	-	-	
11008	Faglitteratur	2 000	2 054	3 000	
11151	Servering på møta	-	-	-	
11709	Andre reiseutgifter utlegg	7 343	20 540	20 000	
11500	Kurs/konferanse	10 800	15 405	15 000	
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	-	-	-	
11600	Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.	-	-	-	
11600	Skyss/kostgodtgjersle	753	-	1 000	
11951	Kontigentar	3 900	4 005	4 300	Forum for kontroll og tilsyn
13300	Kjøp av sekretariatstenester	114 915	176 644	196 620	
13700	Konkurransesutsetting av revisjon	-	-	26 100	
13750	Revisjon, momspliktig honorar	436 046	647 010	667 000	
13750	Ekstra tiltaksmidlar	-	-	60 000	
	<b>Delsum</b>	575 757	<b>870 793</b>	<b>998 320</b>	
14290	Meirverdiavgift	189 791	207 711	244 580	
17290	Moms-kompensasjon	-	-207 711	-244 580	
13750	Revisjon, ikkje momspliktig honorar	-	-	-	
17700	Refusjon frå andre (private)	-3 808	-	-	
	<b>Total budsjettramme</b>	808 279	<b>936 878</b>	<b>1 069 689</b>	

## 9.2 Stord Kyrkjelege fellesråd – innspel til driftsbudsjettet

### 9.2.1 STORD KYRKJELEGE FELLESRÅD – TALDEL DRIFT

Art	Tekst	0410 Admin.	0421 Kyrkje Stord + Huglo	0422 Kyrkje Nysæter	0430 Gravplass	0441 Felles, dåp, ungd.arb.	0422 Undervisn.	0443 Diakoni	0444 Krk. musikk	Sum	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Avvik
<b>Utgifter</b>													
0100	Løn i faste stillingar (inkl.faste till..)	1 700 000	940 000	505 000	2 300 000	645 000	500 000	500 000		7 090 000	7 090 000	6 242 000	848 000
0300	Vikarløn og ekstrahjelp		40 000	56 000	150 000					246 000	246 000	332 000	-86 000
0400	Overtid				5 000					5 000	5 000	5 000	-
0506	Tillegg ubekvem arbeidstid	10 000	80 000	53 000	2 000	13 000	10 000	-		168 000	168 000	168 000	-
0507	Køyregodtgjersle trekkpl		20 000							20 000	20 000	-	20 000
0509	Anna løn									-		6 646	
0600	Honorar til ikkje sjølvst. næringsdriv.									-		10 420	-10 420
0803	Møtegodtgjersle		26 500	18 500						45 000	45 000	45 000	-
0900	Pensjon (KLP o.l.) (15 %)	255 000	141 000	75 750	345 000	96 750	75 000	75 000	-	1 063 500	1 063 500	936 300	127 200
0908	Gruppeliv-/ulukkes-/ yrkesskadefors.	5 100	2 820	1 515	6 900	1 935	1 500	1 500	-	21 270	21 270	18 726	2 544
0990	Arbeidsgjevaravgift (14,1 %)	277 784	176 295	100 077	396 055	106 693	82 697	81 287	-	1 220 887	1 220 887	1 092 331	128 556
	<b>Sum løn</b>	<b>2 247 884</b>	<b>1 426 615</b>	<b>809 842</b>	<b>3 204 955</b>	<b>863 378</b>	<b>669 197</b>	<b>657 787</b>	<b>-</b>	<b>9 879 657</b>	<b>9 879 657</b>	<b>8 856 423</b>	<b>1 023 234</b>
1000	Kontorrekvisita	6 000				6 000	2 000			14 000	14 000	19 000	-5 000
1001	Abonnement avis, tidsskrift	2 500			7 100			400		10 000	10 000	10 000	-
1002	Kopieringsmateriell (Papir, toner ++)	1 000				7 500	3 000	500		12 000	12 000	12 000	-
1100	Lærebøker, underv.-, dåpsmatr. m.v.					100 000	1 000			101 000	101 000	161 000	-60 000

**9.2.1 STORD KYRKJELEGE FELLESRÅD – TALDEL DRIFT**

Art	Tekst	0410 Admin.	0421 Kyrkje Stord + Huglo	0422 Kyrkje Nysæter	0430 Gravplass	0441 Felles, dåp, ungd.arb.	0422 Undervisn.	0443 Diakoni	0444 Krk. musikk	Sum	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Avvik
1101	Konf.arb.(biblar, underv. matr., forbr.matr)						65 000			65 000	65 000	75 000	-10 000
1102	Leir og reiser med konfirmantar						210 000			210 000	210 000	210 000	-
1103	Andre turar/reiser med konfirmantar									-			-
1104	Brudebiblar	10 000								10 000	10 000	10 000	-
1105	Ungdomsarbeid, forbr. matr. og utstyr									-	-		-
1106	Barnearbeid, forbr.matr. og utstyr									-			-
1200	Vin, oblatar, alterdekorasjonar og lys		17 500	12 500						30 000	30 000	30 000	-
1201	Velferdstiltak, gåver o.l. (internt)	4 000								4 000	4 000	4 000	-
1202	Mat og serveringsutgifter	3 000	1 000	1 000	1 000	30 000	2 000	2 000		40 000	40 000	50 000	-10 000
1203	Arbeids- og verneklær				14 000					14 000	14 000	14 538	-538
1206	Reinholdsmateriell	2 000	4 000	4 000	1 000		5 000			16 000	16 000	16 000	-
1207	Forbruksmateriell	10 000	10 000	10 000						30 000	30 000	50 000	-20 000
1300	Porto	10 000	1 000	1 000		25 000	12 000	1 000		50 000	50 000	50 000	-
1301	Gebyr bank	1 000								1 000	1 000	1 200	-200
1302	Telefon og datakommunikasjon	40 000	3 000	4 000	3 000	5 000	5 000			60 000	60 000	52 000	8 000
1400	Lysingar		8 500	5 500		23 000	3 000	2 000		42 000	42 000	42 000	-
1401	Informasjonstiltak, PR									-		20 000	-20 000
1403	Representasjon, gåver o.l. (eksternt)	5 000								5 000	5 000	2 000	3 000
1500	Kurs og etterutdanning	31 000	5 000	5 000	12 000	10 000	6 000	6 000		75 000	75 000	75 000	-
1600	Skyss-/kostgodtgjering	4 000	20 000	15 000	1 000	1 000	1 000	2 000		44 000	44 000	30 000	14 000
1655	Personalforsikring	4 600	1 700	1 000	3 500	1 000	600	600		13 000	13 000	13 000	-



### 9.2.1 STORD KYRKJELEGE FELLESRÅD – TALDEL DRIFT

Art	Tekst	0410 Admin.	0421 Kyrkje Stord + Huglo	0422 Kyrkje Nysæter	0430 Gravplass	0441 Felles, dåp, ungd.arb.	0422 Undervisn.	0443 Diakoni	0444 Krk. musikk	Sum	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Avvik
1701	Vedlikehald transportmiddel (bil)				40 000					40 000	40 000	40 000	-
1702	Drift av transportmidlar (drivstoff til bil ++)				35 000					35 000	35 000	35 000	-
1703	Årsavgift / forsikring (bil, traktor o.l.)				20 000					20 000	20 000	20 000	-
1704	Ferjekort o.a. transportutgifter				4 000					4 000	4 000	4 000	-
1709	Andre reiseutgifter, utlegg	4 000	500	500	1 000	2 000	1 000	1 000		10 000	10 000	10 000	-
1800	Straum	20 000	56 000	56 000	50 000	10 000				192 000	192 000	192 000	-
1801	Straum - tilfeldig kraft (Kjelkraft Nysæter)			40 000						40 000	40 000	80 000	-40 000
1803	Propan		20 000							20 000	20 000	50 000	-30 000
1850	Forsikring av bygg, anlegg, utstyr		20 000	39 000	3 000					62 000	62 000	60 000	2 000
1900	Husleige, leige av lokale	460 000					5 000			465 000	465 000	475 000	-10 000
1950	Eigedomsavgifter (+Renovasjon)	3 500	4 300	37 000	77 600					122 400	122 400	122 400	-
1951	Kontingentar	67 000								67 000	67 000	62 000	5 000
1952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	32 000								32 000	32 000	32 000	-
1953	Kopieringsavtale (Kopinor)	32 000								32 000	32 000	32 000	-
	<b>Sum varer og tenester</b>	<b>752 600</b>	<b>172 500</b>	<b>231 500</b>	<b>273 200</b>	<b>220 500</b>	<b>321 600</b>	<b>15 500</b>	<b>-</b>	<b>1 987 400</b>	<b>1 987 400</b>	<b>2 161 138</b>	<b>-173 738</b>
2000	Innbu, utstyr (notar, konf.kapper,møbl.)	12 000	10 000	8 000	2 000		8 000			40 000	40 000	21 000	19 000
2001	Kontorinventar og -utstyr	5 000				2 000	2 000			9 000	9 000	9 000	-

## 9.2.1 STORD KYRKJELEGE FELLESRÅD – TALDEL DRIFT

Art	Tekst	0410 Admin.	0421 Kyrkje Stord + Huglo	0422 Kyrkje Nysæter	0430 Gravplass	0441 Felles, dåp, ungd.arb.	0422 Undervisn.	0443 Diakoni	0444 Krk. musikk	Sum	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Avvik
2002	Teknisk utstyr, verktøy, kommunik.utstyr	5 000			12 000	1 000	2 000			20 000	20 000	35 000	-15 000
2003	EDB-utstyr og program	40 000								40 000	40 000	40 000	-
2004	Bøker og andre media. Faglitteratur	1 000								1 000	1 000	1 000	-
2005	Kunst, utsmykk., kyrkjetekstil, liturg.utst.		7 500	7 500						15 000	15 000	15 000	-
2008	Leige/leasing av innbu og utstyr	69 000		31 000						100 000	100 000	69 000	31 000
2200	Kjøp av maskinar				5 343					5 343	5 343	3 000	2 343
2300	Vedlikehald bygningar	1 000	20 000	19 000	10 000					50 000	50 000	28 159	21 841
2301	Vedlikehald uteareal / gravplass (SIM)				80 000					80 000	80 000	80 000	-
2302	Vedlikehald tekn.utstyr / maskinar				20 000					20 000	20 000	12 000	8 000
2304	Vedl.innbu/utstyr (piano,orgel, EDB,tlf..)	5 000	6 000	6 000						17 000	17 000	21 000	-4 000
2400	Årskontrollavtale for el.anlegg og alarm		10 000	10 000						20 000	20 000	37 000	-17 000
2401	Årskontrollavtale for brannsløkkjeutstyr		5 000	5 000	1 000					11 000	11 000	11 000	-
2503	Matr. til gravstell/ legatgraver				48 000					48 000	48 000	48 000	-
2600	Kjøp/leige reinhald og vaktmeister									-		192 000	-192 000
2650	Utgifter vedr. alarmer (fast+utrykking o.l.)	-	5 000		5 000					10 000	10 000	10 000	-
2701	Revisjon (FR+2xSR)	95 000								95 000	95 000	79 000	16 000
2704	Bedriftshelseteneste/ hjelpetiltak kontor	20 000								20 000	20 000	20 000	
	<b>Sum utstyr, matr., vedlikehald</b>	<b>253 000</b>	<b>63 500</b>	<b>86 500</b>	<b>183 343</b>	<b>3 000</b>	<b>12 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>601 343</b>	<b>601 343</b>	<b>731 159</b>	<b>-129 816</b>

## 9.2.1 STORD KYRKJELEGE FELLESRÅD – TALDEL DRIFT

Art	Tekst	0410 Admin.	0421 Kyrkje Stord + Huglo	0422 Kyrkje Nysæter	0430 Gravplass	0441 Felles, dåp, ungd.arb.	0422 Undervisn.	0443 Diakoni	0444 Krk. musikk	Sum	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Avvik
3900	Kalkulatorisk utg. v. komm. ten.yting	164 000		166 000						330 000	330 000	330 000	-
	<b>Sum refusjonar (utgift)</b>	<b>164 000</b>	<b>-</b>	<b>166 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>330 000</b>	<b>330 000</b>	<b>330 000</b>	<b>-</b>
4290	Moms generell kompensasjonsordning	85 000	85 000	82 000	70 000	20 000	20 000	4 000		366 000	366 000	366 000	-
4700	Kremasjonsordning				90 000					90 000	90 000	90 000	-
4701	Huglo bed.hus. (Straum, vedlikeh., reinhald)		25 000							25 000	25 000	25 000	-
4703	Tapsføring									-			-
	<b>Sum tilskot og g�aver til andre</b>	<b>85 000</b>	<b>110 000</b>	<b>82 000</b>	<b>160 000</b>	<b>20 000</b>	<b>20 000</b>	<b>4 000</b>	<b>-</b>	<b>481 000</b>	<b>481 000</b>	<b>481 000</b>	<b>-</b>
	<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
	<b>Sum alle utgifter</b>	<b>3 502 484</b>	<b>1 772 615</b>	<b>1 375 842</b>	<b>3 821 498</b>	<b>1 106 878</b>	<b>1 022 797</b>	<b>677 287</b>	<b>-</b>	<b>13 279 400</b>	<b>13 279 400</b>	<b>12 559 720</b>	<b>719 680</b>
<b>INTEKTER</b>													
6000	Inntekter ved vigsel og gravferd									-		1 000	-1 000
6100	Konfirmantundervisning eigenbetaling									-			-
6101	Konfirmantleir eigenbetaling									-			-
6102	Konfirmantar eigenbetaling						330 000			330 000	330 000	330 000	-
6106	Inntekt fr� kopiering	1 000								1 000	1 000	1 000	-
6109	Div inntekter	20 000								20 000	20 000	20 000	-
6200	Billettinntekter		-	-						-		-	-



### 9.2.1 STORD KYRKJELEGE FELLESRÅD – TALDEL DRIFT

Art	Tekst	0410 Admin.	0421 Kyrkje Stord + Huglo	0422 Kyrkje Nysæter	0430 Gravplass	0441 Felles, dåp, ungd.arb.	0422 Undervisn.	0443 Diakoni	0444 Krk. musikk	Sum	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Avvik
6201	Stell av graver / legat				120 000					120 000	120 000	100 000	20 000
6202	Sal av tenester frå kyrkjegarden				25 000					25 000	25 000	25 000	-
6300	Utleige av kyrkjer		3 000	2 000						5 000	5 000	5 000	-
6301	Gravfesteavgift				500 000					500 000	500 000	500 000	-
6302	Gravlegging utanbygds person				50 000					50 000	50 000	70 000	-20 000
6303	Leigeinntekter kyrkjene		56 000		4 000					60 000	60 000	60 000	-
6600	Sal av ikkje aktivert driftm.									-			
	<b>Sum salg, eigenbetaling, avgifter</b>	<b>21 000</b>	<b>59 000</b>	<b>2 000</b>	<b>699 000</b>	<b>-</b>	<b>330 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>1 111 000</b>	<b>1 111 000</b>	<b>1 112 000</b>	<b>-1 000</b>
7000	Refusjon frå stat (Nav)				140 000					140 000	140 000	130 000	10 000
7001	Refusjon løn til adm. hjelp for prost	150 000								150 000	150 000	150 000	-
7290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekn.	85 000	85 000	82 000	70 000	20 000	20 000	4 000		366 000	366 000	366 000	-
7301	Refusj.straum/vassavg. frå Nys.bhg.			125 000						125 000	125 000	120 000	
7500	Refusjon frå Nysæter sokneråd	30 000								30 000	30 000	20 000	10 000
7502	Refusjon frå Stord sokneråd	40 000								40 000	40 000	30 000	10 000
7702	Trekk OU-midlar	700	600	600	600	300	300	300		3 400	3 400	3 400	-
7900	Kalkulatorisk innt. v. komm. ten.yt.	164 000		166 000						330 000	330 000	330 000	-
	<b>Sum refusjonar (inntekt)</b>	<b>469 700</b>	<b>85 600</b>	<b>373 600</b>	<b>210 600</b>	<b>20 300</b>	<b>20 300</b>	<b>4 300</b>	<b>-</b>	<b>1 184 400</b>	<b>1 184 400</b>	<b>1 149 400</b>	<b>35 000</b>

### 9.2.1 STORD KYRKJELEGE FELLESRÅD – TALDEL DRIFT

Art	Tekst	0410 Admin.	0421 Kyrkje Stord + Huglo	0422 Kyrkje Nysæter	0430 Gravplass	0441 Felles, dåp, ungd.arb.	0422 Undervisn.	0443 Diakoni	0444 Krk. musikk	Sum	Budsjett 2017	Budsjett 2016	Avvik
8000	Statstilskot									-			
8001	Tilskot frå bisped.råd diakonløn							325 000		325 000	325 000	320 000	5 000
8002	Tilskot frå bisped.råd kateketløn						662 000			662 000	662 000	550 000	112 000
8004	Trusopplæringsmidlar. Prosjekt 203					1 240 000				1 240 000	1 240 000	1 197 960	42 040
8005	Trusopplæringsmidlar prostiet. Prosj 226					47 000				47 000	47 000	45 000	
8300	Rammetilskot frå kommunen (KL §15)	2 215 200	1 363 200	1 107 600	2 044 800	596 400	681 600	426 000	85 200	8 520 000	8 520 000	7 979 685	540 315
8301	Andre tilskot frå kommunen (ref. kremasjonstilskot)				90 000					90 000	90 000	90 000	-
8700	Tilskot/gåver frå andre				40 000					40 000	40 000	40 000	
	<b>Sum tilskot og gåver frå andre</b>	<b>2 215 200</b>	<b>1 363 200</b>	<b>1 107 600</b>	<b>2 174 800</b>	<b>1 883 400</b>	<b>1 343 600</b>	<b>751 000</b>	<b>85 200</b>	<b>10 924 000</b>	<b>10 924 000</b>	<b>10 222 645</b>	<b>701 355</b>
9000	Renteinntekter	60 000								60 000	60 000	58 609	1 391
	<b>Sum finansinntekter</b>	<b>60 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>60 000</b>	<b>60 000</b>	<b>58 609</b>	
	<b>Sum alle inntekter</b>	<b>2 765 900</b>	<b>1 507 800</b>	<b>1 483 200</b>	<b>3 084 400</b>	<b>1 903 700</b>	<b>1 693 900</b>	<b>755 300</b>	<b>85 200</b>	<b>13 279 400</b>	<b>13 279 400</b>	<b>12 542 654</b>	<b>735 355</b>
	<b>Utgifter minus inntekter</b>	<b>736 584</b>	<b>264 815</b>	<b>-107 358</b>	<b>737 098</b>	<b>-796 822</b>	<b>-671 104</b>	<b>-78 014</b>	<b>-85 200</b>	<b>-0</b>	<b>-</b>	<b>17 066</b>	<b>-15 675</b>

\*Seksjonar utan innhald er utelatne frå denne tabellen.

## 9.2.2 INNSPEL TIL INVESTERINGSBUDSETT FOR KYRKJA 2017–2020

Stord kyrkjelege fellesråd har handsama plan for investering for perioden 2017–2020.

Framlegg til investeringsbudsjett er svært nøkternt og har berre med det me meiner er svært nødvendig.

Investeringsbudsjettet gir etter vår meining ein grei oversikt over investeringar det er stor trong for dei næraste åra.

### Gravplassane

#### *Utstyr og maskiner til gravplassane*

Utstyret på gravplassane er generelt gammalt og ber preg av stor slitasje. Som me tidlegare har nemnt er det grenser for kor lenge ein kan halda liv i dette gjennom reparasjonar og nødvendig vedlikehald.

Det er stor trong for å byta ut den gamle gravemaskina. Me har dette som hovedprioritet for investeringar på gravplassane i 2017.

Det er likevel vanskeleg å velga kva me skal setja øvst på prioriteringslista sidan det har vore behov for frontgrasklyppar i mange år.

«Som en mellomstor frontgressklipper oppfyller P 500 alle kravene til profesjonell klipping i smale og komplekse områder. Serien gjør det også mulig å dekke større områder med høyere produktivitet»

Me fekk kr. 200 000 til investering på gravplassane 2016 og har no (endeleg) skifta ut den gamle carawellen som ikkje vart EU-godkjent tidlegare i vår.

Den «nye» bilen er frå 2009 og vert overlevert oss 6. mai.

#### *Nysæter gravplass*

Utvidinga er snart ferdig. Første del er planlagt teken i bruk hausten 2016.

Den nye gravplassen framstår som ein vakker park – ein god kvilestad både for levande og døde.

#### *Frugarden gravplass, byggetrinn II*

Me minnar om at alt tek ein ende, – også ledig plass på Frugraden gravplass, byggetrinn I. Sjølv om det er nokre år fram (minst 10 med dagens dødstal), må det om ikkje så altfor mange år lagast ein plan for byggetrinn II.

### Kyrkjene

#### *Stord*

Stord kyrkjelege fellesråd har ein avtale med Stord kommune v/ rådmannen om eit samarbeid om prosjektleiing for dei store vedlikehaldsprosjekta knytta til kyrkjene våre.

Me saknar sårt ein prosjektleiar etter at Kirsten Sandvik sa opp stillinga si frå 23.09.2015.

#### **I 2015 vart fylgjande gjennomført i Stord kyrkje:**

Reparasjon av knefall, brurestolar og talarstol. Alle desse har fått nytt skinn og stopping.

Rehabiliteringa av Stord kyrkje går sakte framover sidan det i 2015 har vore akuttbehov for rehabilitering og store reparasjonar i Nysæter som måtte prioriterast.

Så langt i 2016 har det ikkje vore prosjektleiar til å driva fram større prosjekt i Stord kyrkje. Likevel er me no mitt oppi eit større arbeid med å byggja «nytt» toalettrom i det gamle herretoalettet. Dette vert eit moderne unisextoalett med to toalettbåsar, flislagt golv med varmekablar og plater på vegger og i tak, handvask og ny varmtvannsberedar. Kyrkjevevja har vore/er prosjektleiar her.

Det er fortsatt mange store oppgåver som gjenstår før Stord kyrkje framstår slik me ynskjer den skal vera.



### **Det som hastar mest å komma i gong med er:**

Ferdigstilling av varmeanlegget samt rehabilitering av våpenhus/tårnfot.

Noko av det som elles gjenstår er utvendig maling av begge langsiden av kyrkja, nye takrenner og nedløpsrøyr, vedlikehald/maling av kyrkjebenkar, oppussing av prestesakristi samt utbetring av rullestolinngang og rampe.

Me har fått melding om at Stord kommunale eigedom overtek ansvaret for prosjektleiing og har planlagt eit møte med dei for å gå gjennom behova for rehabilitering.

### **Nysæter**

#### **Fylgjande prosjekt starta tidleg i 2015 og er/vert ferdigstilt i 2016:**

Klokketårnet hadde så store roteskader at det måtte rivast. Kyrkjeklokkene hadde store rustskader og er no sandblåst. Det elektriske er oppgradert. Det nye klokketårnet vart teke i bruk i desember 2015.

Taket på Nysæter kyrkje er no tett. Omfattande arbeid er utført. Det som gjenstår er å mala heile taket. Hausten 2015 vart eit par kvadratmeter av taket prøvemalt for å sjå korleis malingsresepten ville tåla vinteren på Nysæter. Det ser ut som dette har gått svært bra. Denne sommaren står rustfjerning på planen og heile taket vi bli malt før hausten set inn. Då er takprosjektet ferdig.

Norsk Taktekking AS står bak dette arbeidet.

Apply har oppgradert varme & ventilasjonsanlegget i Nysæter kyrkje. Me ser på straumrekningane at dette arbeidet har vore vellukka.

Det som gjenstår er å knytta dette anlegget til ENFO-styringssystem på same måte som oppvarmingsanlegget i Stord kyrkje er.

Dette arbeidet er planlagt ferdig i løpet av sommaren.

Me har sett ned ein komitè som arbeider med oppgradering av kjøkkenet i Nysæter kyrkje. Kyrkja er 25 år gammal og kjøkkenet er svært nedslitt.

Imidlertid er det planlagt omfattande dugnadsinnsats for å få gjennomført dette prosjektet. Kostnadane vert då innkjøp av kjøkken (IKEA), ny oppvaskmaskin/steamer samt div til maling, lakking o.l.

Utanom det som er skissert her er det pr. idag ingen akutte rehabiliteringsprosjekt i Nysæter og me ynskjer å gå vidare med oppgradering/rehabilitering/oppussing/repatering av Stord kyrkje. Her er det svært mykje å ta fatt på.

*Lukke til med budsjettarbeidet!*

Stord 4. mai 2016

mvh Stord kyrkjelege fellesråd

Liv Kari Bru

Kyrkjevevje/dagleg leiar

### 9.2.3 INVESTERINGSBUDSJETT 2017–2020. STORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

#### KYRKJENE OG UTVIDING AV GRAVPLASSAREALET

	2017	2018	2019	2020	Sum
<b>Stord</b>					
Framhald av rehabilitering av Stord kyrkje					
Ny katafalk (som kister står på i kyrkja under gravferd)					
	1 850 000	1 850 000	2 000 000	2 000 000	7 700 000
<b>Nysæter</b>					
<b>Huglo</b>					
Drenering og anna forsømt vedlikehald		500 000	500 000		1 000 000
<b>UTSTYR GRAVPLASSANE, MASKINPARK</b>					
Gravemaskin	350 000				350 000
Kombimaskin		400 000			400 000
Frontgrasklyppar	120 000				120 000
Brøyteskjær		50 000			50 000
Utskifting av carawellen frå 1996 (prioritert i 2016)					
<b>Sum</b>	<b>2 320 000</b>	<b>2 800 000</b>	<b>2 500 000</b>	<b>2 000 000</b>	<b>9 620 000</b>